Stipend og lån til utdanning 1988-89



Statens lånekasse for utdanning

Februar 1988

INNHALD

Orientering om stipend og lån

Søknad om støtte 2
Når skal søknaden sendast inn 3
Opplysningsplikt 3
Kvar søknaden blir behandla 4
Svar på søknaden og utbetaling av stipend og lån 4
Korleis støttebeløpet blir fastsett 5
Stipend 6
Stipend til kvinneleg søkjar som får barn 7
Lån 7
Eksempel på utrekning av støtte 8
Tilbakebetaling 9
Effektiv rente 10
Ettergjeving av utdanningslån etter avslutta utdanning 10
Informasjon og studierettleiing 10
Utdanning i andre nordiske land 11

Forskrifter om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 1988-89 og om forrenting og tilbakebetaling av lån for 1988

I Hovudreglar 12
II Støtte til søkjar under 19 år 18
III Støtte til søkjar over 19 år 22
IV Stipend til særlege grupper 25
V Støtte til utdanning ved lærestader i land utanfor Norden 27
Utdanningar i land utanfor Norden som det kan gjevast gebyrstipend til etter forskriftenes kap. V, punkt 6.1 30
VI Forrenting og tilbakebetaling av lån i 1988 32
VII Forskrift om delvis ettergjeving av utdanningslån for kandidatar som har fullført visse langvarige studium 37
VIII Forskrift om avskriving av utdanningslån for låntakarar som er busette i og utøver eit yrke i Finnmark eller i dei sju verkemiddelkommunane i Troms 38
Gruppering av utdanningar som går inn under vidaregåande utdanning og høgre utdanning 40
Forskrift om adgang til innhenting av opplysninger direkte fra offentlige kontorer 42
Lov av 26. april 1985 nr. 21 om utdanningsstøtte til elever og studenter 44
Klage på behandlingsresultatet 46

Denne brosjyren blir gjeven ut skiftevis på bokmål og nynorsk.
I 1988-89 blir den gjeven ut berre på nynorsk.

Foto forside: Rolf Sørensen og Jørn Bøhmer Olsen/NN/VIEW A.S

STIPEND OG LÅN
1988–1989

Orientering om stipend og lån

Søknad om støtte

Søknaden skal skrivast på fastsett blankett som søkjaren får på skolen, på arbeidskontoret eller frå Lånekassa. Rettleiing om utfylling følgjer med.

For 1988-89 skal den blå blankett A nyttast. Gjeld søknaden støtte til deltidsutdanning skal også blankett B fyllast ut.

Søkjar som ikkje er norsk statsborgar, skal i tillegg til blankett A også fylle ut blankett C. Denne blanketten inneheld rettleiing også på engelsk.

Det kan søkjast om støtte for inntil eit heilt undervisningsår om gongen.

Søkjar som blir i same utdanninga både haust- og vårhalvåret, bør søkje under eitt for heile undervisningsåret.

Det kan ikkje søkjast om støtte for eit heilt kalenderår (vår og haust) på same søknadsblankett.

VIKTIG!

Ein føresetnad for rask saksbehandling er:

- At søknaden er fullstendig og rett utfylt.
- At dei vitnemåla og attestane som det er spørsmål om, er lagde ved i rettkjent avskrift/fotokopi.

Søknader som er ufullstendig eller feil utfylte - eller som manglar nødvendige vedlegg, får lenger behandlingstid.

Når skal søknaden sendast inn

Søkjarar som er i gang med utdanninga og som ønskjer å få pengane utbetalt når skolen tek til, bør søkje så snart søknadsblanketten kjem til skolen i løpet av februar/mars.

Søkjarar som skal ta til med ei utdanning, bør sende inn søknad om støtte så snart utdanning og lærestad er endeleg avgjort.

Både søkjarar som er i gang med utdanninga, og søkjarar som skal ta til med ei utdanning, skal sende søknaden gjennom administrasjonen ved skolen.

Skolen kan gje nærmare opplysningar og skal sjå til at søknaden er klar til behandling.

Studerer du ved universitetet eller i utlandet, kan du sende søknaden direkte til Lånekassa. Dersom utdanninga har avgrensa opptak, må du leggje ved kopi av opptaksmeldinga.

Søknad om støtte for 1988-89 må vere Lånekassa i hende innan 15. mars 1989. Søknader som kjem inn etter denne datoen blir ikkje behandla. Fristen gjeld ikkje for kurs som tek til 1. februar 1989 eller seinare.

Opplysningsplikt

Eventuelle endringar i bustadadresse, fagleg plan, sivilstand eller økonomiske forhold etter at søknaden er sendt inn, skal meldast skriftleg til Lånekassa så snart som mogleg. Det same gjeld skifte av lærestad, eller avbrot i utdanninga.

Kvar søknaden blir behandla

Lånekassa har distriktskontor i Tromsø, Trondheim, Ørsta, Bergen og Stavanger.

Søkjarar som tek utdanning i:
- Finnmark eller Troms, får søknaden behandla i Tromsø (Gjeld også søkjarar i vidaregåande utdanning i Nordland.)
- Hordaland, får søknaden behandla i Bergen
- Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, får søknaden behandla i Ørsta
- Nord- og Sør-Trøndelag, får søknaden behandla i Trondheim
- Rogaland og Vest-Agder, får søknaden behandla i Stavanger
- andre fylke eller i utlandet, får søknaden behandla ved hovedkontoret i Oslo

Alle spørsmål til Lånekassa etter at søknaden er sendt inn, skal rettast til det kontoret som behandlar søknaden. Adresse og telefonnummer finn du på baksida av denne brosjyren.

Svar på søknaden, og utbetaling av stipend og lån

Skriftleg melding om behandlingsresultatet blir sendt skolen/samskipnaden.

Søkjaren må personleg kontakte skolen for å få resultatet av søknadsbehandlinga.

Når søknaden er innvilga, får søkjaren eit utbetalingspapir som kan løysast inn ved alle postkontor og bankar i landet.

Utbetaling kan skje berre til søkjaren personleg. Utbetalingspapiret kan ikkje overdragast til andre eller hevast etter fullmakt frå søkjaren.

Dersom søknaden ikkje blir innvilga, blir det sendt skriftleg melding med grunngjeving for avslaget. Om klage på behandlingsresultatet sjå side 46.

Korleis støttebeløpet blir fastsett

Ved utrekninga blir det alltid teke omsyn til søkjaren si eiga inntekt og formue. Støttebeløpet er avhengig av alderen til søkjaren.

Aldersgrenser for behovsprøving

Einsleg, ugift søkjar under 19 år (ikkje fylt 19 år før 1. januar 1989) får støttebeløpet behovsprøvd etter inntekta og formuen til forsørgjarane.

For søkjar i høgre utdanning eller søkjar som har gjennomført 3 år i vidaregåande utdanning er aldersgrensa for behovsprøving 18 år (fylt 18 år før 1. januar 1989).

Gift søkjar og søkjar som har felles barn med sambuar får støtte utan behovsprøving etter inntekta og formuen til foreldra.

Grunnbeløp

Utgangspunktet for utrekninga av stipend og lån er eit grunnbeløp.

For 1988-89 er grunnbeløpet pr. månad:

kr 2 410 for søkjar under aldersgrensa
kr 2 920 for søkjar over aldersgrensa

Butillegg

Søkjar som ikkje bur saman med foreldra sine, kan få eit butillegg.

For søkjar under aldersgrensa blir det berre gjeve butillegg dersom reisetid eller andre særlege grunnar gjer det nødvendig for søkjaren å bu borte frå heimen. Butillegget er likt for alle.

For 1988-89 er butillegget fastsett til kr 1 460 pr. månad.

Tillegg for bøker/materiell

kr 180 pr. månad ved vidaregåande utdanning
kr 360 pr. månad ved høgre utdanning

Forsørgjartillegg

Det blir også gjeve tillegg for forsørging av barn og ektemake.

Ektemakens inntekt kan føre til at forsørgjartillegget blir redusert eller fell bort.

Sambuarar som har felles barn, blir behandla som gifte, jf. kap. I, punkt 2.2 i forskriftene.

Utdanningsstøtte blir tildelt som stipend og/eller som lån.

Nedanfor følgjer eit oversyn over støtteformene.

Stipend

Utdanningsstipend

Grunnbeløpet gjev saman med tillegga og frådraga grunnlaget for utrekning av utdanningsstipendet.

Til **søkjar under aldersgrensa** blir det gjeve stipend med 82 % av den delen av støttebeløpet som er større enn kr 1 700 pr. månad og mindre enn kr 5 300 pr. månad. Søkjar som har rett til butillegg får minst kr 910 pr. månad i utdanningsstipend.

Til **søkjar over aldersgrensa** blir det gjeve 46 % som stipend av den delen av støttebeløpet som er større enn kr 3 410 pr. månad og mindre enn kr 7 320 pr. månad.

Det er ikkje nødvendig å søkje lån for å få utdanningsstipend.

Stipend til kvinneleg søkjar som får barn

Kvinneleg søkjar som får barn i utdanningsperioden kan få stipend som tilsvarer det maksimale støttebeløpet vedkommande kunne fått for dei første 22 vekene etter fødselen. Om faren har omsorg for barnet, kan han få stipendet, eller det kan delast mellom foreldra.

Reisestipend

I tillegg til utrekna støtte som stipend og lån blir det gjeve reisestipend til tre reiser tur-retur for eit heilt undervisningsår, mellom registrert bustadadresse i Noreg og skolestaden. Med registrert bustad er meint den adressa som står i Folkeregisteret.

Søkjar som får søknaden behandla etter kap. II, vil få reisestipend for tre reiser tur/retur mellom foreldreheimen i Noreg og skolestaden.

Reisestipendet blir gjeve etter satsar som Lånekassa fastset, med frådrag av ein eigendel på kr 640 pr. skoleår.

Reisestipend kan og gjevast til søkjarar som tek utdanning i utlandet. Sjå kap. V.

Andre Stipend

Etter nærmare reglar kan det gjevast kunstfagstipend til søkjar som tek kunstutdanning.

Flyktning i vidaregåande utdanning kan få eit særskilt stipend.

Søkjarar som tek utdanning i land utanfor Norden kan få gebyrstipend. Sjå kap. V og liste på side 30.

Lån

Den delen som blir att av støttebeløpet når utdanningsstipendet er drege frå, blir gjeve som lån.

I tillegg til dette kan det også gjevast lån til å dekkje skolepengar med inntil kr 14 000 pr. skoleår. For ekstraordinære utgifter til materiell kan det gjevast lån etter nærmare reglar.

Eksempel på utrekning av støtte

1.
Søkjaren er under 19 år og støttebeløpet er behovsprøvd etter foreldra si inntekt og formue. Søkjaren må flytte bort for å gå på vidaregåande skole og kan få butillegg. Likningsattesten for 1986 syner at foreldra har ei nettoinntekt på i alt kr 150 000. Skoleåret er 10 månader.
Søkjaren har ei syster under aldersgrensa for behovsprøving som også går på vidaregåande skole.
Utrekning av støtte:

Grunnbeløp	kr 2 410 pr. månad
Butillegg	kr 1 460 pr. månad
Bøker og materiell	kr 180 pr. månad
Sum støttegrunnlag	kr 4 050 pr. månad
– Frådrag	kr 1 080 pga. foreldreinntekt*
Søkjar kan få	kr 2 970 pr. månad i støtte
Av dette blir	kr 1 050 utdanningsstipend**
og	kr 1 920 utdanningslån

* Redusert frådrag i samsvar med kap. II, punkt 4.3.1.
** Sjå kap. II, punkt 5.2.

For 10 månaders undervisningsår kan søkjar såleis få kr 10 500 i utdanningsstipend og kr 19 200 som utdanningslån. I tillegg kan det også tildelast reisestipend, når kostnaden for tre reiser tur-retur er over kr 640, sjå side 21.

2.
Heimebuande søkjar over 19 år i høgre utdanning:

Grunnbeløp	kr 2 920 pr. månad
Tillegg for bøker/materiell	kr 360 pr. månad
Sum støtte grunnlag	kr 3 280 pr. månad
Av dette blir	kr 0 utdanningsstipend*
og	kr 3 280 utdanningslån

* Sjå kap. III, punkt 5.2.

For 10 månaders undervisningsår kan søkjar såleis få kr 32 800 i utdanningslån.

3.
Bortebuande søkjar over 19 år i høgre utdanning:

Grunnbeløp	kr 2 920 pr. månad
Butillegg	kr 1 460 pr. månad
Tillegg for bøker/materiell	kr 360 pr. månad
Sum støttegrunnlag	kr 4 740 pr. månad
Av dette blir	kr 620 utdanningsstipend*
og	kr 4 120 utdanningslån

* Sjå kap. III, punkt 5.2.

For 10 månaders undervisningsår kan søkjar såleis få kr 6 200 i utdanningstipend og kr 41 200 i utdanningslån.

I tillegg kan det også tildelast reisestipend når kostnaden for tre reiser tur-retur er over kr 640, sjå side 24.

Tilbakebetaling

Utdanningslån er personleg gjeld som andre, til dømes nære slektningar, ikkje heftar for. Gjelda kan heller ikkje førast over til andre.

Det blir ikkje rekna rente av lånet medan utdanninga varer. Når utdanninga er avslutta eller avbroten blir det rekna rente som for tida er 11,5 % p.a. I tillegg blir det rekna rentesrente. Dette gjeld ikkje låntakarar som har lån i Lånekassa frå før 01.07.85.

Det blir skriven ut ein betalingsplan som viser kor mykje som skal betalast kvart halvår og kor lang tilbakebetalingstida skal vere. Første innbetaling skjer 12-18 månader etter at utdanninga er avslutta. Dei seks første innbetalingane er lågterminar som i hovudsak skal dekkje rentene. Deretter aukar terminbeløpet så mykje at lånet blir innfridd med den tilbakebetalingstida som er fastsett.

Nærmare orientering om tilbakebetalingsreglane finst i brosjyren «Forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån».

Effektiv rente

Den effektive renta for lånet er lågare enn 11,5 % fordi det ikkje blir rekna rente i utdanningstida. Kor mykje lågare enn 11,5 % er avhengig av lengda på utdanningstida og storleiken på lånet.

For eksempel vil eit lån på kr 50 000 og 2 års utdanningstid gje ei effektiv rente på 9,92 % og eit lån på kr 150 000 og 6 års utdanningstid gje 8,21 % effektiv rente.

Ettergjeving av utdanningslån etter avslutta utdanning

Frå 1. januar 1988 er det innført ei ordning med ettergjeving av utdanningslån for kandidatar som fullfører visse, langvarige studium.

Frå same tidspunkt er innført ei ordning med avskriving av utdanningslån for låntakarar som bur og arbeider i Finnmark og i ein del kommunar i Nord-Troms.

Nærmare opplysningar om desse ordningane finst på side 37 og 38 i denne brosjyren. Sjå også oppslag på lærestaden.

Informasjon og studierettleiing

Lånekassa gjev opplysning om utdanningsforhold i Noreg og i utlandet og om kva slags utdanningar som går inn under støtteordninga.

Spørsmål i samband med utdanning og finansiering av utdanning i inn- og utland, kan takast opp med Lånekassa gjennom brev eller personleg kontakt.

Søkjarar som tek sikte på utdanning ved universitet eller høgskole kan også søkje rettleiing hos ein studierettleiar på lærestaden.

Rådgjevarane i skolen og yrkesrettleiarane ved arbeidskontora gjev yrkesorientering og opplysningar om utdanningsvegar og utdanningsforhold.

Utdanning i andre nordiske land

Lånekassa kan gje støtte til norske elevar/studentar som tek utdanning i andre nordiske land når utdanninga gjev rett til støtte her i landet.

På visse vilkår kan det likevel søkjast støtte frå støtteordninga i studielandet. Sjå side 14 om felles nordiske reglar.

Informasjon om støttereglar, søknadsfristar m.m. kan ein også få frå:

Danmark
Statens Uddannelsesstøtte
Danasvej 30
DK-1910 KØBENHAVN
DANMARK
Tlf. (01) 21 46 66

Finland
Statens studiestödscentral
Valtion Opintotukikeskus
Postboks 228
SF-40 101 JYVÁSKYLÁ
FINLAND
Tlf. 941-21 56 11

Island
Lánasjódur Islenska Námsmanna
Laugavegi 77
IS-101 REYKJAVIK
ISLAND
Tlf. 25 011

Sverige
Centrala studiestödsnämnden
Fack
S-851 82 SUNDSVALL
SVERIGE
Tlf. 060/18 60 00

Forskrifter om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 1988-89 og om forrenting og tilbakebetaling av lån for 1988

Fastsette av Kultur- og vitskapsdepartementet i samsvar med «Lov av 26. april 1985 nr. 21 om utdanningsstøtte til elever og studenter».

Kap. I
HOVUDREGLAR

1 Støtteformer

1.1
Hovudformene for støtte frå Lånekassa er lån og utdanningsstipend. Det kan også gjevast reisestipend.

1.1.1
Det går fram av kap. II og kap. III korleis støttebeløpet blir utrekna.

1.2
Til visse utdanningar kan det gjevast andre former for stipend, sjå kap. IV og kap. V.

2 Aldersskilje og bufellesskap

2.1
Det gjeld ulike reglar for tildeling av støtte til søkjar over og under 19 år. Som søkjar under 19 år blir rekna søkjar som ikkje har fylt 19 år før 1. januar 1989.

2.1.1
Søkjar under 19 år som er gift eller har vore gift, eller har barn å forsørgje og bur saman med barnet, blir tildelt støtte etter same reglar som søkjar over 19 år.

2.1.2
Søkjar i høgre utdanning* eller som har gjennomført 3 år i vidaregåande utdanning og som har fylt 18 år før 1. januar 1989, blir tildelt støtte etter same reglar som søkjar over 19 år.

2.2
Sambuarar som har felles barn blir behandla som gifte frå og med det semester dei får barn. Det same gjeld sambuarar som blir behandla som gifte gjennom skatte-, trygde- og sosiallovgjevinga.

2.3
Søkjar som har fylt 65 år før 1. januar 1988 kan ikkje tildelast støtte.

3 Kva slags utdanning det kan gjevast støtte til

3.1
Det kan gjevast støtte til utdanning ved offentlege vidaregåande og høgre utdanningsinstitusjonar. Lærlingar må ha godkjend lærekontrakt. Utdanning ved private utdanningsinstitusjonar kan gjevast støtte dersom utdanninga fagleg sett tilfredsstiller dei krava som blir stilte til vidaregåande utdanning i lov 14. juni 1985 - Privatskulelova, § 4 og § 5 eller dei krava som blir stilte om eksamensrett i lov 11. juli 1986 - Privathøyskoleloven, § 9. Spørsmålet om støtte til utdanning som det tidlegare ikkje er gjeve støtte til, bør skolen ha teke opp med Kultur- og vitskapsdepartementet eitt år før det undervisningsåret søknaden gjeld for.

* For gruppering av høgre utdanning sjå side 40.

3.2
Det kan ikkje gjevast støtte til:

3.2.1
utdanning ved militære skolar

3.2.2
etatsopplæring

3.2.3
ulike yrkesopplæringskurs som blir sett i gang av eller i samråd med arbeidskraftsmyndigheitene når det faglege innhaldet ikkje tilsvarar anna utdanning det kan gjevast støtte til

3.2.4
utdanning ved lærestader der kostnadene er svært høge, med mindre det er særleg behov for utdanninga.

4 Korleis utdanninga må vere lagd opp

4.1
Utdanninga må til vanleg vere lagd opp som fulltidsutdanning. Utdanning på nivå med vidaregåande skole må ha eit undervisningsopplegg på minst 20 timar pr. veke.

4.2
Det kan gjevast støtte til deltidsutdanning som omfattar minst 50 % av fulltidsutdanning. Om rentebelastning på lån som det er skrive ut betalingsplan for, sjå kap. VI, punkt 3.1.1.

4.2.1
Deltidsutdanning på nivå med vidaregåande skole må i tillegg til 50 % av utdanningsprogrammet for fulltidsutdanning, også omfatte minst 6 timar undervisning pr. veke.

4.2.2
For deltidsutdanning blir støttebeløpet rekna til 1/2, 2/3 eller 3/4 av støttebeløpet til fulltidsutdanning.

4.2.3
Ved deltidsutdanning blir det til vanleg ikkje gjeve støtte til forseinking.

4.3
Fulltidsutdanning må vare minst 3 månader. Deltidsutdanning må vare minst 5 månader. Det kan gjerast unntak når utdanninga har samanheng med søkjarens yrke eller tidlegare utdanning.

5 Statsborgarskap

5.1
Søkjaren må vere norsk statsborgar.

5.2
Statsborgar frå anna nordisk land får støtte etter felles nordiske reglar i punkt 7.

5.3
Det kan gjerast unntak frå regelen i punkt 5.1 for statsborgar frå land utanom Norden som tek utdanning i Noreg, og

5.3.1
har kome til landet av politiske grunnar. Søkjaren må ha status som politisk flyktning eller ha anna form for opphaldsløyve

5.3.2
har hatt samanhengande fulltidsarbeid i Noreg eller på norske skip i minst 12 månader like før skoleåret og har betalt skatt til Noreg i denne perioden

5.3.3
har teke utdanning i Noreg dei siste tre åra med tilfredsstillande fagleg framgang utan støtte frå Lånekassa

5.3.4
er gift med norsk statsborgar og begge bur i Noreg. Jf. punkt 2.2

5.3.5
har fått opphaldsløyve som barn eller barnebarn under 19 år til norsk statsborgar som bur i Noreg og forsørgjer vedkommande

5.3.6
har fått opphaldsløyve som ektemake, barn eller barnebarn under 19 år til utanlandsk statsborgar som har opphalds- og arbeids-

løyve, forsørgjer vedkommande og er skattepliktig til Noreg.

5.4
Statsborgar frå utviklingsland kan etter nærmare reglar få støtte til ei fulltids yrkesutdanning i Noreg anten på vidaregåande eller høgre nivå, jamvel om vilkåra i punkt 5.3 ikkje er oppfylte.

5.5
For tildeling av støtte etter reglane i punkt 5.3 og 5.4 er det eit vilkår at søkjaren ikkje får støtte frå heimlandet.

5.6
Det blir ikkje gjeve støtte til norskopplæring aleine.

6 Utdanning i eit anna nordisk land

6.1
Til utdanning i eit anna nordisk land blir det gjeve støtte etter dei same reglane og satsane som gjeld for Noreg. Det er normalt eit vilkår at utdanninga har offentleg godkjenning og kjem inn under støtteordninga i studielandet. Det blir ikkje gjeve støtte til deltidsutdanning.

6.1.1
Utanlandsk statsborgar får ikkje støtte til utdanning i eit anna nordisk land.

7 Felles nordiske reglar

7.1
Til utdanning i eit anna nordisk land kan det til vanleg gjevast støtte frå støtteordninga i heimlandet.

7.2
Heimlandet avgjer kva for utdanning som gjev rett til støtte.

7.3
Ein søkjar som tek utdanning i eit anna nordisk land, kan få støtte frå støtteordninga i studielandet dersom

7.3.1
søkjaren har vore busett og yrkesaktiv i studielandet i minst 2 år. Omsorg for eige barn under 12 år er jamstelt med yrkesaktivitet. Avbrot i yrkesaktiviteten på grunn av m.a. militærteneste og sjukdom, kan godkjennast

7.3.2
søkjaren er under 20 år og har fylgt foreldra sine som har busett seg i studielandet og har fått varig arbeid der.

7.4
Ekteskap med statsborgar frå studielandet er ikkje grunnlag for å gjere unntak frå reglane i punkt 7.1 - 7.3.

7.5
Det er eit vilkår for tildeling av støtte at søkjaren ikkje får støtte frå eit anna land samtidig.

8 Utdanning i land utanfor Norden

8.1
For utdanning ved lærestader i land utanfor Norden som varer eit halvt undervisningsår eller meir, gjeld særlege reglar, sjå kap. V.

8.2
Det blir gjeve støtte til kortare studieopphald i land utanfor Norden når Lånekassa godkjenner det som eit ledd i ei høgre utdanning som er påbegynt i Noreg. Opphaldet må vare minst 4 veker. Sjå kap. II, punkt 6.3 og kap. III, punkt 6.3.

8.2.1
Kurs som varer kortare enn 4 veker, kan godkjennast ved dei norske studiesentra i York (England) og Caen (Frankrike).

9 Krav til søkjaren

9.1
Søkjaren må vere teken opp som elev/student og ha rett til å gå opp til eksamen. Søkjaren må vere på lærestaden og kunne følgje undervisninga. Dersom søkjaren har langt fråvære frå undervisninga, kan retten

til støtte falle bort. Det kan i særlege tilfelle gjerast unntak frå kravet om å vere på lærestaden.

9.1.1
Hospitantar kan få støtte når det faglege opplegget gjer det rimeleg.

9.2
Søkjar som bur i institusjon og får opphaldet betalt av det offentlege, kan få lån berre til bøker og materiell etter satsane til Lånekassa, når desse utgiftene ikkje er betalte på annan måte.

9.3
Låntakarar som har fått lån ettergjeve etter reglane i kap. VI, punkt 7.2 og som søkjer ny støtte, må sende inn dokumentasjon på at helsetilstanden har betra seg slik at søkjaren kan gå tilbake til arbeidslivet når utdanninga er gjennomført. Dersom vedtaket om ettergjeving er gjort for mindre enn 10 år sidan, blir vedtaket oppheva når søkjaren mottek ny støtte.

9.4
Søkjar i militær førstegongsteneste eller i sivilteneste får ikkje støtte.

10 Kor lang tid det kan gjevast støtte

10.1
Det blir gjeve støtte for opptil eitt undervisningsår om gongen. Undervisningsåret blir rekna frå den dato undervisninga begynner til den dato undervisninga (inklusive eksamen) sluttar. Støttebeløpet blir til vanleg utrekna på månadsbasis.

10.1.1
Etter nærmare grunngjeven søknad kan det gjevast støtte til utvida undervisningsår når det blir gjeve reglementert undervisning, eller når det er dokumentert at søkjaren sparer inn på normert studietid.

10.2
Lånekassa kontrollerer den faglege framgangen. Det blir ikkje gjeve støtte utover normert studietid til å ta om att kurs som det er gjeve støtte til når eksamen er bestått.

10.3
Til vidaregåande utdanning* kan det gjevast støtte for opp til 5 år. Det kan likevel ikkje gjevast støtte for meir enn 3 år til grunnkurs i vidaregåande skole. Til folkehøgskole kan det gjevast støtte i 2 år. Ein søkjar som har fullført allmennfagleg studieretning i den vidaregåande skolen eller examen artium, kan likevel ikkje få støtte i meir enn eitt år på folkehøgskole.

10.3.1
Dersom søkjaren tek ei studieretning/studieretningar som gjer at samla tid i vidaregåande utdanning blir meir enn 5 år, kan Lånekassa vurdere å gje støtte for meir enn 5 år.

10.4
Til reglementert høgre utdanning * kan det gjevast støtte for den tid som er fastsett som norm for utdanninga.

10.4.1
Til kombinasjonar av høgre utdanningar kan det gjevast støtte for opp til 6 år.

10.4.2
Dersom søkjaren tek eit utdanningsprogram som varer lenger enn 6 år, kan Lånekassa vurdere å gje støtte for opp til 8 år.

10.5
Til vidaregåande og høgre utdanning kan det gjevast støtte for til saman opp til 11 år. Lånekassa vurderer om det kan gjevast støtte ut over den tid.

10.6
Ved utrekninga av tid under punkta 10.3, 10.4 og 10.5 blir det sett bort frå utdanning som søkjaren har teke utan støtte frå Lånekassa.

* For gruppering av vidaregåande og høgre utdanning, sjå side 40.

11 Forseinking og avbrot

11.1
Det blir til vanleg gjeve støtte berre i den tid som er normert for utdanninga. Når søkjaren ligg etter tidsplanen, kan det gjevast støtte i opp til eitt år ut over normert studietid for det samla utdanningsprogrammet. Grunnen til at søkjaren er forseinka må gjevast opp. Søkjar som tek deltidsutdanning kan til vanleg ikkje få støtte til forseinking.

11.1.1
Er søkjaren meir enn eitt år etter tidsplanen kan Lånekassa i særlege tilfelle vurdere å gje redusert støtte.

11.1.2
Er funksjonshemma søkjar med støtte frå folketrygda meir enn eitt år etter tidplanen, kan Lånekassa vurdere å gje redusert støtte i eitt år eller meir utover tidsplanen.

11.2
Ei utdanning som det er gjeve støtte til, blir rekna som avbroten dersom utdanningsprogrammet ikkje er fullført, og søkjaren begynner på ny utdanning. Er støtte til avbroten utdanning ikkje tilbakeført, skal denne utdanninga teljast med når det skal reknast ut kor mange år det kan gjevast støtte, jf. punkt 10.3 og 10.4.

11.3
Dersom søkjaren bryt av meir enn ei utdanning som det er gjeve støtte til, blir det ikkje gjeve støtte til ny utdanning før minst eitt år av den nye utdanninga er gjennomført.

12 Høg gjeld

12.1
Det kan setjast grense for lånet slik at gjelda ikkje blir høgre enn det Lånekassa finn forsvarleg. Dersom søkjaren er over 45 år ved endt utdanning, skal lånetildelinga reduserast slik at gjelda kan bli tilbakebetalt med vanlege betalingsvilkår før søkjaren blir 65 år.

13 Søkjar som får stønad frå offentleg trygdeordning

13.1
Søkjar som får stønad frå offentleg trygdeordning, får reduksjon i tildelinga frå Lånekassa på same måte som for arbeidsfri inntekt. Jf. kap. II, punkt 4.6 eller kap. III, punkt 4.2.

13.2
Søkjar som får hjelp til finansiering av attføringstiltak eller får utdanningsstønad frå folketrygda, kan ikkje få støtte til bøker og materiell eller reisestipend frå Lånekassa. Jf. kap. II, punkt 3.3.1 og punkt 7.1.1 eller kap. III, punkt 3.3.1 og punkt 7.1.1. Dersom folketrygda gjev tilskot til opphaldsutgifter, blir desse utgiftene ikkje dekt av Lånekassa.

13.3
Søkjar som har ein søknad til behandling ved trygdekontoret, kan få eit avgrensa, mellombels lån når det tek lang tid før søknaden blir behandla. Lånet blir gjeve etter reglane i kap. II eller kap. III.
Dersom lånet viser seg å vere større enn det søkjaren skal ha, må differansen betalast tilbake med det same. Det kan krevjast at trygdekontoret overfører midlar direkte til Lånekassa til dekning av lånet.

14 Utbetaling av støtte

14.1
Støttebeløpet blir delt og utbetalt 2 gonger i året. Utbetalingspapiret blir sendt til lærestaden og blir utlevert der. Lånekassa kan fastsetje andre utbetalingsmåtar.

14.1.1
Ved lærestaden skal det kontrollerast at søkjaren er i gang med utdanninga før utbetalingspapiret blir utlevert.

14.1.2
Utbetalingspapiret skal utleverast berre til søkjaren personleg mot kvittering. Er søkjaren ikkje kjend, må det krevjast godkjend legitimasjon.

14.2
Det blir ikkje tildelt lån under kr 50 eller stipend aleine under kr 20 pr. månad.

15 Opplysningsplikt

15.1
Søkjaren pliktar straks å melde frå om avbrot i utdanninga på grunn av t.d. sjukdom, svangerskap, fødsel, militærteneste/ sivilteneste, og om endring i fagleg plan, økonomiske forhold, sivilstand eller bustadadresse.

15.2
Lånekassa kan kontrollere at opplysningane i søknaden er rette. Lånekassa kan hente inn opplysningar om søkjaren direkte frå lærestad, likningskontor, trygdekontor o.l. etter forskrifter fastsette av Kultur- og vitskapsdepartementet i samråd med Datatilsynet. Sjå side 42.

15.3
Har ein søkjar fått utbetalt støtte som reglane ikkje gjev rett til, kan Lånekassa krevje dette støttebeløpet tilbakeført.

16 Misleghald

16.1
Ein låntakar som mislegheld sine plikter mot Lånekassa, kan bli nekta meir støtte.

17 Søknadsfristar

17.1
Søknad om støtte for 1988-89 som er Lånekassa i hende etter 15. mars 1989, blir ikkje behandla. Fristen gjeld ikkje kurs som tek til 1. februar 1989 eller seinare.

17.2
Opplysningar om endringar som er Lånekassa i hende etter 15. mars 1989, vil ikkje kunne føre til høgre støttebeløp. Jf. likevel kap. III, punkt 6.6.

KAP. II
STØTTE TIL SØKJAR UNDER 19 ÅR

1 Søkjar under 19 år

1.1
Dette kapitlet gjeld søkjar som ikkje har fylt 19 år før 1. januar 1989.

1.2
Søkjar under 19 år som er gift eller har vore gift, eller har barn å forsørgje og bur saman med barnet, får støttebeløpet utrekna etter kap. III. Det same gjeld søkjar i høgre utdanning * eller som har gjennomført 3 år i vidaregåande utdanning og som har fylt 18 år før 1. januar 1989.

2 Grunnbeløp

2.1
Støttebeløpet blir fastsett ut frå eit grunnbeløp. For 1988-89 er grunnbeløpet kr 2 410 pr. månad.

3 Tillegg ved utrekning av støtte

3.1
Det blir gjeve butillegg til søkjar som ikkje bur hos foreldra, når reisetida mellom foreldreheimen og skolen er 3 timar eller meir pr. dag, eller avstanden er 40 km eller meir.

3.1.1
Det kan også gjevast butillegg når søkjaren på grunn av andre særlege forhold må bu utanfor foreldreheimen.

3.2
For 1988-89 er butillegget kr 1 460 pr. månad.

3.2.1
Butillegget blir redusert eller fell bort for elevar i internatskolar når internatutgiftene er under kr 1 840 pr. månad.

3.3
Det kan gjevast tillegg for bøker og materiell med kr 180 pr. månad i vidaregåande utdanning* og kr 360 pr. månad i høgre utdanning.* Sjå også punkt 6.2.

3.3.1
Det blir ikkje gjeve tillegg for bøker og materiell til søkjar som får desse utgiftene betalt gjennom folketrygda.

3.3.2
Det blir til vanleg ikkje gjeve tillegg for bøker og materiell når det blir gjeve støtte ved forseinking.

4 Frådrag ved utrekning av støtte

4.1
Støttebeløpet blir redusert ved behovsprøving etter den samla inntekta og formuen til forsørgjarane (foreldra/steforeldra). Når frådrag skal utreknast, nyttar Lånekassa nettoinntekta i likningsattesten for 1986 - etter eventuelt særfrådrag. Inntekt/formue i utlandet eller på Svalbard som ikkje er med i likningsattesten, må gjevast opp særskilt.

4.1.1
Blir det dokumentert at forsørgjaren si brutto inntekt/formue i skoleåret er lågare enn i inntektsåret 1986, kan det takast omsyn til dette. Det blir ikkje teke omsyn til ein vanskeleg økonomisk situasjon på grunn av auka utgifter.

4.1.2
Er foreldra skilde eller separerte, nyttar Lånekassa likningsattesten til den av foreldra som søkjaren bur hos, eller sist budde hos.

* For gruppering av vidaregåande og høgre utdanning, sjå side 40.

4.1.3
Har ein søkjar stemor/stefar og ikkje er adoptert, skal likningsattesten til vedkommande sendast inn. Lånekassa kan sjå bort frå inntekt og formue til stemor/stefar når det er lagt fram opplysningar som gjer dette rimeleg.

4.1.4
Dersom pleieforeldre/fosterforeldre/barnevernsnemnda har omsorg for ein søkjar som bur utanfor foreldreheimen, blir det sett bort frå inntekta og formuen til foreldra.

4.2
Når formuen til foreldra er over kr 340 000 blir det rekna 10 % som tillegg til inntekta.

4.3
Frådrag etter foreldreinntekt og tal på sysken under 19 år. Inntekta er lik nettoinntekt etter særfrådrag ved skattelikninga i 1986 med eventuelt tillegg etter punkt 4.2. Inntekta blir runda ned til nærmaste heile 1 000 kroner.

Inntekt i 1 000 kroner				
1 barn (berre søkjar)	2 barn	3 barn	4 barn osv.	Frådrag i kr pr. månad
91- 95	101-105	111-115	121-125	100
96-100	106-110	116-120	126-130	200
101-105	111-115	121-125	131-135	300
106-110	116-120	126-130	136-140	450
111-115	121-125	131-135	141-145	600
116-120	126-130	136-140	146-150	750
121-125	131-135	141-145	151-155	900
126-130	136-140	146-150	156-160	1 050
131-135	141-145	151-155	161-165	1 200
136-140	146-150	156-160	166-170	1 350
141-145	151-155	161-165	171-175	1 500
146-150	156-160	166-170	176-180	1 650
151-155	161-165	171-175	181-185	1 800
156-160	166-170	176-180	186-190	1 950
161-165	171-175	181-185	191-195	2 100
166-170	176-180	186-190	196-200	2 250
171-175	181-185	191-195	201-205	2 400
176-180	186-190	196-200	206-210	2 550
181-185	191-195	201-205	211-215	2 700
186-190	196-200	206-210	216-220	2 850
191-195	201-205	211-215	221-225	3 000
196-200	206-210	216-220	226-230	3 150
201-205	211-215	221-225	231-235	3 300
206-210	216-220	226-230	236-240	3 450
211-215	221-225	231-235	241-245	3 600
osv.	osv.	osv.	osv.	osv.

4.3.1
Er det fleire sysken under 19 år som samtidig er i utdanning det kan gjevast støtte til, blir frådraget for kvart barn sett til 80 % av det frådraget som går fram av tabellen.

4.4
Lånekassa kan sjå heilt eller delvis bort frå inntekt/formue til forsørgjarane når det er dokumentert at søkjaren av særleg tyngjande sosiale grunnar ikkje kan få tilskot frå dei, og det elles er rimeleg. Det blir til vanleg ikkje teke omsyn til endra økonomiske forhold som følgje av husbygging, kjøp av husvære o.l.

4.5
Støttebeløpet blir redusert på grunnlag av eiga arbeidsinntekt i søknadsperioden. Av inntekt over kr 2 400 brutto pr. månad går 60 % til frådrag. Som arbeidsinntekt blir rekna inntekt av arbeid som ikkje går inn i undervisningsplanen.

4.6
Støttebeløpet blir redusert på grunnlag av arbeidsfri inntekt i søknadsperioden. Av slik inntekt går 60 % av bruttobeløpet til frådrag. Som arbeidsfri inntekt blir m.a. rekna lønn/alderstillegg under studiepermisjon, lønn for arbeid som går inn i undervisningsplanen, tariffesta lærlingelønn, inntekt av fast eigedom, rente, aksjeutbyte, trygde- og pensjonsytingar, verdien av fri kost og losji eller tilskot frå skolen til slike utgifter og lån til utdanningsføremål frå arbeidsgjevaren. Om tilskot til opphaldsutgifter frå folketrygda, sjå kap. I, punkt 13.2.

4.6.1
Det blir ikkje rekna frådrag for stipend og legat til skolepengar som Lånekassa ikkje dekkjer. For stipend og legat til utdanningsføremål blir det elles rekna frådrag på 60 % av beløp ut over kr 1 180 pr. månad.

4.6.2
Kommunal eller statleg bustønad og stønad gjennom folketrygda til å dekkje ekstra utgifter på grunn av sjukdom, skade eller lyte, verkar ikkje inn på støttebeløpet frå Lånekassa.

4.7
Av søkjarens formue over kr 110 000 går 2% pr. månad til frådrag (dvs. 20% når undervisningsåret varer i 10 md.).

5 Utdanningsstipend

5.1
Grunnlaget for utrekning av utdanningsstipend blir summen av grunnbeløpet i punkt 2, tillegga i punkt 3 og frådraga i punkt 4.

5.2
Det blir ikkje gjeve utdanningsstipend for dei første kr 1 700 pr. månad av grunnlaget for stipendutrekninga. For den delen av grunnlaget som er større enn kr 1 700 og mindre enn kr 5 300 pr. månad blir det gjeve 82 % som stipend. For søkjar som kan få butillegg, skal stipendet vere minst kr 910 pr. månad. Stipendbeløpet pr. månad blir runda av oppover til nærmaste heile 10 kroner.

5.2.1
Lærlingar som har brutto tariffløn over kr 7 000 pr. månad kan ikkje få utdanningsstipend.

5.2.2
For elev/student i kunstutdanning og for flyktning i vidaregåande utdanning, gjeld særskilte reglar, jf. kap. IV, punkt 1, 2 og 3.

5.3
Det er ikkje nødvendig å søkje lån for å få utdanningsstipend.

6 Lån

6.1
Det kan gjevast tillegg i form av lån for skolepengar. Tillegget kan til vanleg ikkje vere større enn kr 14 000 pr. undervisningsår. For skolepengar i land utanfor Norden gjeld eigne reglar, sjå kap. V, punkt 6.

6.2
Det kan etter nærmare reglar gjevast tillegg i form av lån for ekstraordinære utgifter til materiell utover satsane i punkt 3.3. Det er ein føresetnad at materiellet er nødvendig, og at utstyret ikkje kan dekkjast av skolebudsjettet. Det kan krevjast kvittering for kjøp før lånet blir tildelt.

6.3
Det kan gjevast tillegg i form av lån for reise og ekstra losji når søkjaren tek studieopphald i utlandet som er godkjent for støtte etter kap. I, punkt 8.2 eller punkt 8.2.1.

6.4
Grunnlaget for utrekning av lån er summen av grunnbeløpet i punkt 2, tillegga i punkt 3, tillegga i punkta 6.1 - 6.3 og frådraga i punkt 4. Månadssatsar må reknast om for undervisningsåret.

6.5
Maksimalt lån blir differansen mellom grunnlaget i punkt 6.4 og utdanningsstipendet etter pkt. 5. For andre stipend enn utdanningsstipendet, vil det gå fram av reglane for kvart stipend om det skal dragast frå ved utrekninga av lånet.

7 Reisestipend

7.1
Det kan uavhengig av støttebeløpet gjevast reisestipend til tre reiser tur/retur for eit heilt undervisningsår (10 md.) mellom foreldreheimen i Noreg og skolestaden. Stipendet blir gjeve som tilskot etter Lånekassa sine satsar, og det blir gjort eit frådrag på kr 640 pr. undervisningsår som søkjaren må dekkje sjølv. Søkjarar som bur i foreldreheimen, kan ikkje få reisestipend. Det gjeld eigne reglar for reisestipend til land utanfor Norden, sjå kap. V, punkt 7. Reisestipend aleine under kr 20 pr. månad blir ikkje utbetalt, sjå kap. I, punkt 14.2.

7.1.1
Det blir ikkje gjeve reisestipend til søkjar som får dekt reiseutgifter gjennom folketrygda.

KAP. III
STØTTE TIL SØKJAR OVER 19 ÅR

1 Søkjar over 19 år

1.1
Dette kapitlet gjeld søkjar som har fylt 19 år før 1. januar 1989.

1.2
Også søkjar under 19 år som er gift eller har vore gift, eller har barn å forsørgje og bur saman med barnet, får støttebeløpet utrekna etter dette kapitlet. Det same gjeld søkjar i høgre utdanning * eller som har gjennomført 3 år i vidaregåande utdanning og som har fylt 18 år før 1. januar 1989.

2 Grunnbeløp

2.1
Støttebeløpet blir fastsett ut frå eit grunnbeløp. For 1988-89 er grunnbeløpet kr 2 920 pr. månad.

3 Tillegg ved utrekning av støtte

3.1
Søkjar som ikkje bur saman med foreldra sine, får butillegg. Søkjar som har barn og som bur hos foreldra, kan likevel få butillegg. Det same gjeld gift søkjar utan barn.

3.2
For 1988-89 er butillegget kr 1 460 pr. månad.

3.2.1
Butillegget blir redusert eller fell bort for elevar i internatskolar når internatutgiftene er under kr 1 840 pr. månad.

3.3
Det kan gjevast tillegg for bøker og materiell med kr 180 pr. månad i vidaregåande utdanning * og kr 360 pr. månad i høgre utdanning *. Sjå også punkt 6.2.

3.3.1
Det blir ikkje gjeve tillegg for bøker og materiell til søkjar som får desse utgiftene betalt gjennom folketrygda.

3.3.2
Det blir til vanleg ikkje gjeve tillegg for bøker og materiell når det blir gjeve støtte ved forseinking.

3.4
Gift søkjar kan få tillegg for forsørging av barn og ektemake. Det blir gjeve opp til kr 1 740 pr. månad for ektemake og eitt barn, opp til kr 870 pr. månad for det andre barnet, og opp til kr 560 pr. månad for kvart barn fleire enn to.

3.4.1
Forsørgjartillegget blir redusert med 60 % av ektemakens brutto inntekt utover kr 8 600 pr. månad. Er begge ektemakane i utdanning som det kan gjevast støtte til, blir det sett bort frå ektemakens inntekt.

3.5
Ektemakar som begge er i utdanning og kan få støtte, kan kvar få forsørgjartillegg på opp til kr 870 pr. månad for kvart av dei to første barna, og opp til kr 560 pr. månad for kvart barn fleire enn to.

3.6
Einsleg forsørgjar kan få forsørgjartillegg på opp til kr 870 pr. månad for kvart av dei to første barna, og opp til kr 560 pr. månad for kvart barn fleire enn to.

3.6.1
Det blir ikkje gjeve forsørjartillegg for ektemake og/eller barn søkjaren er pliktig å betale bidrag for.

* For gruppering av vidaregåande og høgre utdanning, sjå side 40.

4 Frådrag ved utrekning av støtte

4.1
Støttebeløpet blir redusert på grunnlag av eiga arbeidsinntekt i søknadsperioden. Av inntekt over kr 2 400 brutto pr. månad går 60 % til frådrag. Som arbeidsinntekt blir rekna inntekt av arbeid som ikkje går inn i undervisningsplanen.

4.2
Støttebeløpet blir redusert på grunnlag av arbeidsfri inntekt i søknadsperioden. Av slik inntekt går 60 % av bruttobeløpet til frådrag. Som arbeidsfri inntekt blir m.a. rekna lønn/alderstillegg under studiepermisjon, lønn for arbeid som går inn i undervisningsplanen, tariffesta lærlingelønn, inntekt av fast eigedom, rente, aksjeutbyte, forsørgjartillegg medan ektemaken er i militærteneste/ sivilteneste, underhaldsbidrag ut over minstebidraget, trygde- og pensjonsytingar eller slike ytingar til søkjarens barn under 16 år, verdien av fri kost og losji eller tilskot frå skolen til slike utgifter og lån til utdanningsføremål frå arbeidsgjevaren. Om tilskot til opphaldsutgifter frå folketrygda, sjå kap. I, punkt 13.2.

4.2.1
Det blir ikkje rekna frådrag for stipend og legat til skolepengar som Lånekassa ikkje dekkjer. For stipend og legat til utdanningsføremål blir det elles rekna frådrag på 60 % av beløp ut over kr 1 180 pr. månad.

4.2.2
Barnetrygd, kommunal eller statleg bustønad og stønad frå folketrygda til å dekkje ekstra utgifter på grunn av sjukdom, skade eller lyte, verkar ikkje inn på støttebeløpet frå Lånekassa.

4.3
Av einsleg søkjars formue over kr 110 000 går 2 % pr. månad til frådrag (dvs. 20 % når undervisningsåret varer i 10 md.).

4.4
Av gift søkjars formue (søkjarens + ektemakens formue) over kr 220 000 går 1 % pr. månad til frådrag (dvs. 10 % når undervisningsåret varer i 10 md.).

5 Utdanningsstipend

5.1
Grunnlaget for utrekning av utdanningsstipend blir summen av grunnbeløpet i punkt 2, tillegga i punkt 3 og frådraga i punkt 4.

5.2
Det blir ikkje gjeve utdanningsstipend for dei første kr 3 410 pr. månad av grunnlaget for stipendutrekninga. For den delen av grunnlaget som er større enn kr 3 410 og mindre enn kr 7 320 pr. månad, blir det gjeve 46 % som stipend. Det månadlege stipendet blir runda av oppover til nærmaste heile 10 kroner.

5.2.1
For elev/student i kunstutdanning og for flyktning i vidaregåande utdanning gjeld særskilte reglar, jf. kap. IV, punkt 1, 2 og 3.

5.3
Kvinneleg søkjar som får barn i utdanningsperioden, kan få stipend som tilsvarar det maksimale støttebeløpet søkjaren hadde fått dei første 22 vekene etter fødselen. Dersom faren har omsorg for barnet, kan han få stipendet, eller stipendet kan delast mellom foreldra. Det er eit vilkår at utdanninga har vart i minst 6 månader.

5.4
Det er ikkje nødvendig å søkje lån for å få utdanningsstipend.

6 Lån

6.1
Det kan gjevast tillegg i form av lån for skolepengar. Tillegget kan til vanleg ikkje overstige kr 14 000 pr. undervisningsår. For skolepengar i land utanfor Norden gjeld eigne reglar, sjå kap. V, punkt 6.

6.2
Det kan etter nærmare reglar gjevast tillegg i form av lån for ekstraordinære utgifter til materiell ut over satsane i punkt 3.3. Det er ein føresetnad at materiellet er nødvendig og at utstyret ikkje kan dekkjast over skolebudsjettet. Det kan krevjast kvittering for kjøp før lånet blir gjeve.

6.3
Det kan gjevast tillegg i form av lån for reise og ekstra losji når søkjaren tek studieopphald i utlandet som er godkjent for støtte etter kap. I, punkt 8.2 eller punkt 8.2.1.

6.4
Grunnlaget for utrekning av lån er summen av grunnbeløpet i punkt 2, tillegga i punkt 3, tillegga i punkta 6.1-6.3 og frådraga i punkt 4. Månadsatsar må reknast om for undervisningsåret.

6.5
Maksimalt lån blir differansen mellom grunnlaget i punkt 6.4 og utdanningsstipendet i punkt 5. For andre stipend enn utdanningsstipendet, vil det framgå av reglane for det enkelte stipend om det skal trekkjast frå ved utrekning av lånet.

6.6
Det kan gjevast tilleggslån etter nærmare reglar når søkjaren dokumenterer at det har oppstått så ekstraordinære forhold at undervisningsåret ikkje kan fullførast utan tilleggslån.

7 Reisestipend

7.1
Det kan uavhengig av støttebeløpet gjevast reisestipend til tre reiser tur-retur for eit heilt undervisningsår (10 månader) mellom registrert bustad (i Folkeregisteret) i Noreg og skolestaden. Stipendet blir gjeve som tilskot etter Lånekassa sine satsar og det blir gjort eit frådrag på kr 640 pr. undervisningsår som søkjaren må dekkje sjølv. Det gjeld eigne reglar for reisestipend til land utanfor Norden, sjå kap. V, punkt 7. Reisestipend aleine under kr 20 pr. månad blir ikkje utbetalt, sjå kap. I, punkt 14.2.

7.1.1
Det blir ikkje gjeve reisestipend til søkjar som får dekt reiseutgifter gjennom folketrygda.

KAP. IV
STIPEND TIL SÆRLEGE GRUPPER

1 Utdanningsstipend til kunstfag-utdanning (kunstfagstipend)

1.1
Støttebeløpet blir utrekna etter reglane i kap. II eller kap. III med eigne satsar for tildeling av stipend.

1.2
Det blir ikkje gjeve stipend for dei første kr 1 610 pr. månad av grunnlaget for stipendutrekninga. For den delen av grunnlaget som er større enn kr 1 610 og mindre enn kr 5 750 pr. månad, blir det gjeve 100 % som stipend til søkjar som utdannar seg ved:

1.2.1
Statens balletthøgskole - 3 år

1.2.2
Den Norske Balletthøgskole - 3 år

1.2.3
Norges Musikkhøgskoles høgre studier - 2 år
Diplomstudier: Vokal/instrumental/komposisjon/kor- og orkesterleiing
Hovedfagstudier: Akkompagnement/samspel for pianistar
Ensemblespel/ensembleleiing for blåsarar
Ensemblespel for strykarar

1.2.4
Statens operaskole - 3 år

1.2.5
Statens kunstakademi - 4 år

1.2.6
Vestlandets kunstakademi - 4 år

1.2.7
Kunstakademiet i Trondheim - 4 år

1.2.8
Statens håndverks- og kunstindustriskole, stipend for 4. årsklasse

1.2.9
Bergens Kunsthandverkskole, stipend for 4. årsklasse

1.3
Det blir ikkje gjeve stipend for dei første kr 2 570 pr. månad av grunnlaget for stipendutrekninga. For den delen av grunnlaget som er større enn kr 2 570 og mindre enn kr 5 750 pr. månad, blir det gjeve 100 % som stipend til søkjar som utdanner seg ved:

1.3.1
Statens teaterhøgskole - 3 år

1.4
Utdanningsstipend etter punkta 1.1-1.3 kan unntaksvis gjevast til utdanning i utlandet som svarer til dei same fagområda som er nemnde der, med unntak av 4. årsklasse ved kunsthandverkskolane. Stipendet kan gjevast i like mange år som til tilsvarande utdanning i Noreg.

1.4.1
Utdanningsstipend til kunstnar kan gjevast til utdanning i film-regi på universitets- eller høgskolenivå etter satsane i punkt 1.2.

2 Vidareutdanningsstipend til kunstnar

2.1
Etter nærmare reglar blir det gjeve stipend til kunstnar som tek vidareutdanning etter avslutta kunstnarutdanning. For 1988-89 blir stipendet gjeve med opp til kr 36 500. Vidareutdanningsstipendet kjem i staden for utdanningssti-

pendet. Det kan også gjevast lån. Støtte etter dette punktet kan gjevast berre ein gong.

3 Utdanningsstipend til flyktning som tek vidaregåande utdanning (Flyktningstipend)

3.1
Støttebeløpet blir utrekna etter reglane i kap. II eller kap. III med eigne satsar for tildeling av stipend.

3.2
For den delen av grunnlaget for stipendutrekninga som er mindre enn kr 5 750 pr. månad, blir det gjeve 100 % som stipend.

3.3 Stipendet kan gjevast til utanlandsk statsborgar som er registrert som politisk flyktning i Noreg.

3.4
Stipendet blir gjeve til søkjar som tek vidaregåande utdanning i Noreg. Om utdanning som går inn under vidaregåande utdanning, sjå side 40 og 41.

3.5
Dersom utdanninga startar innan 3 år etter at vedkommande kom til Noreg, blir det gjeve stipend for inntil 3 år. Dersom utdanninga startar innan 4 år etter at vedkommande kom til Noreg, blir det gjeve stipend for inntil 2 år. Dersom utdanninga startar innan 5 år etter at vedkommande kom til Noreg, blir det gjeve stipend for inntil 1 år. Tida blir rekna frå 1. juli i det året flyktningen kom til landet.

4 Stipend til studentar ved nordiske institusjonar

4.1
Etter særlege reglar kan det gjevast stipend til norske studentar ved Nordiska Institutet för Samhällsplanering i Stockholm og Nordisk Journalistkursus i Århus.

4.2
Stipendet blir ikkje gjeve til forskarar som har opphaldsstipend, eller som har fått støtte av løyvingar til nordisk forskarstipend.

KAP. V
STØTTE TIL UTDANNING VED LÆRESTADER I LAND UTANFOR NORDEN

1 Statsborgarskap og tilknyting til Noreg

1.1
For å få støtte må søkjaren vere norsk statsborgar.

1.2
Det er eit vilkår at søkjaren har heimen sin i Noreg eller har budd her dei to siste åra før utdanninga tek til.

1.2.1
Det kan gjerast unntak når søkjaren eller ein av foreldra eller ektemaken til søkjaren er eller har vore
- i norsk utanriksteneste
- i teneste for misjonen eller for eit utviklingsland
- i teneste som norsk representant til ein internasjonal organisasjon eller offentleg institusjon
- i teneste i utlandet for norsk næringsliv
- busett i utlandet på grunn av sjukdom

1.2.2
Søkjar som har heimen sin i eit anna nordisk land, eller har budd i eit anna nordisk land dei to siste åra før utdanninga tek til, kan få støtte dersom vedkommande ikkje får støtte frå bustadlandet si støtteordning.

1.3
Det blir ikkje gjeve støtte til søkjar som samtidig får støtte frå støtteordninga i eit anna land.

2 Kva slags utdanning det blir gjeve støtte til

2.1
Til høgre utdanning i land utanfor Norden kan det gjevast støtte når utdanninga gjev yrkes- eller utdanningskompetanse i Noreg. Utdanninga må normalt ha offentleg godkjenning. Søkjaren må sjølv dokumentere at utdanninga gjev slik kompetanse når dette ikkje går fram av generelle godkjenningsreglar.

2.1.1
Dersom utdanninga ikkje gjev full yrkes- eller utdanningskompetanse, kan det likevel gjevast støtte til delvis finansiering av utdanninga når søkjaren får stipend frå andre som dekkjer minst 30 % av kostnadene.

2.2
Det blir ikkje gjeve støtte til utdanning utanfor Norden som er på nivå med vidaregåande skole i Noreg. Støtte kan likevel gjevast:

2.2.1
til utdanning på nivå med vidaregåande skole som gjev studiekompetanse i Noreg, når søkjarens ektemake eller foreldre er i norsk teneste i utlandet, jf. punkt 1.2.1

2.2.2
til utdanning på nivå med ei yrkesfagleg studieretning når tilsvarande fagutdanning ikkje finns i Noreg. Det må vere godtgjort at utdanninga er fagleg tilfredsstillande, og at det er behov for utdanninga her i landet.

2.2.3
til utdanning ved desse skolane som tilsvarer allmennfagleg studieretning i vidaregåande skole:
Lycé Alain Chartier i Bayeux i Frankrike

Lycé Corneille i Rouen i Frankrike
Atlantic College i Wales (2 år)
Lester Pearson College i Canada (2 år)
United World College of South East Asia i Singapore (2 år)
The Armand Hammer United World College of the American West i New Mexico i USA (2 år)
United World College of the Adriatic i Trieste i Italia (2 år)
United World College of Southern Africa i Swaziland

3 Korleis utdanninga må vere lagd opp

3.1
Utdanninga må vere ordna som reglementert fulltids dagundervisning og vare minst eit halvt undervisningsår.

3.1.1
Unntak frå kravet om at undervisninga må vare minst eit halvt år kan gjerast når utdanninga har direkte samanheng med søkjarens yrke eller tidlegare utdanning.

3.2
Det blir ikkje gjeve støtte til deltidsutdanning.

4 Fagleg, økonomisk og geografisk avgrensing

4.1
Det blir gjeve støtte berre dersom søkjaren har forutdanning som krevs for å komme inn på tilsvarande utdanning i Noreg. Det kan også stillast krav om bestemte linjefag og karakterar frå vidaregåande skole for tildeling av støtte til enkelte fagområde.

4.2
Søkjaren må ha tilstrekkelege språkkunnskapar til å kunne følgje undervisninga.

4.3
Det blir ikkje gjeve støtte til forutdanning som søkjaren må ha for å komme inn på eit fagstudium. Det kan heller ikkje ettertildelast støtte til utdanning som ikkje gjev rett til støtte sjølv om utdanninga blir godskreven ved opptak i utdanning som gjev rett til støtte.

4.4
Det blir ikkje gjeve støtte til utdanning ved lærestader der kostnadene er svært høge, med mindre det er særleg behov for utdanninga.

4.5
Til utdanning i USA og Canada blir det gjeve støtte berre når søkjaren tek høgre utdanning på universitet eller lærestad på tilsvarande nivå (senior college). Til utdanning i USA blir støtte gjeve frå og med andre år av eit Bachelorprogram. Jf. likevel punkt 2.2.

4.5.1
Unntak kan gjerast for første år av kiropraktorutdanning og innanfor fagområdet industriretta tekstil- og konfeksjonsutdanning.

4.5.2
Det blir ikkje gjeve støtte til 2-årig «associate degree»-kurs ved amerikansk lærestad.

4.6
Til utdanning i USA og Canada kan det gjevast tilsegn om støtte for normert utdanningstid fram til godkjend hovudeksamen etter gjeldande satsar for det enkelte undervisningsår.

4.7
Til utdanning i andre ikkje-europeiske land enn USA og Canada blir det normalt ikkje gjeve støtte. Det kan unntaksvis gjevast støtte til utdanning som det er særleg behov for her i landet, eller til spesialutdanning i samanheng

med eit fagstudium som søkjaren har gjennomført minst eitt år av i Noreg.

5 Korleis støttebeløpet blir rekna ut

5.1
Støttebeløpet blir fastsett ut frå eit grunnbeløp. For 1988-89 er grunnbeløpet kr 2 920 pr. månad. Elles gjeld satsar og reglar for tillegg og frådrag i kap. II og kap. III, med unntak av butillegget som blir fastsett av Lånekassa kvart år for kvart enkelt land. Samla lån kan bli avgrensa, jf. kap. I, punkt 12.

5.2
Utdanningsstipendet blir utrekna etter reglane i kap. II og kap. III. Jf. likevel kap. IV, punkt 1, om utdanningsstipend til kunstfagutdanning. Det blir ikkje dekt skolepengar ut over satsane i punkt 6.

6 Tilskot til dekking av skolepengar

6.1
Det blir gjeve gebyrstipend i normert studietid til heil eller delvis dekking av skolepengane til

6.1.1
utdanningar som gjev kompetanse tilsvarande dei fagområda ved norske universitet og vitskapelege høgskolar som er nemnde under punkt A på side 30.

6.1.2
på nivå med høgre grad i Noreg, der det ikkje blir gjeve gebyrstipend til grunnutdanninga, sjå punkt B på side 30.

6.1.3
utdanning som varer opp til 1 år og som Lånekassa godkjenner som ledd i ei høgre utdanning som er påbegynt i Noreg, sjå punkt C på side 31.

6.1.4
utdanningar som gjev fullstendig yrkeskompetanse tilsvarande dei norske høgre utdanningane som er nemnde under punkt D på side 31

6.1.5
høgre utdanningar som ikkje finns ved norske lærestader og som gjev fullstendig yrkeskompetanse, sjå punkt E på side 31.

6.2
I 1988-89 blir gebyrstipend til eit heilt undervisningsår gjeve med opp til kr 29 500. Stipend frå andre til skolepengar går til frådrag i gebyrstipendet.

6.3
Til fagområde som ikkje går inn under punkta 6.1.1 til 6.1.5, blir det ikkje gjeve lån eller stipend til dekking av skolepengar.

6.3.1
Det blir likevel gjeve gebyrstipend til dekking av skolepengar til fullføring av eit fagstudium som det vart gjeve gebyrstipend til då utdanninga starta.

7 Dekking av reiser

7.1
Det blir gjeve tillegg for ei tur-retur-reise i året mellom norsk grensestasjon og lærestaden. Tillegget blir rekna etter rimelegaste transportmiddel/klasse med frådrag for moderasjon eller stipend frå andre til dekking av reiser. Tillegget blir fordelt med 50% som stipend og 50% som lån. Det blir også gjeve reisestipend til reiser i Noreg etter reglane i kap. II og kap. III.

7.1.1
Når det blir gjeve støtte etter punkt 4.7, blir reisetillegg gjeve opp til dei satsane som gjeld for USA og Canada.

7.1.2
Dersom søkjarens foreldre bur i utlandet, blir det ikkje gjeve reisetillegg.

Søkjar over 18 år som budde i Noreg før utdanninga tok til, kan likevel få reisetillegg.

8 Overgangsordning for særstipend til visse utdanningar i land utanfor Norden

8.1
Til visse utdanningar i land utanfor Norden blei det i 1984-85, 1985-86 og 1986-87 gjeve eit særstipend. Søkjar som tidlegare har fått slikt stipend, vil kunne få stipend i normert studietid til utdanninga er avslutta. For 1988-89 er stipendet kr 7 000.

8.2
Dersom skolepengane er større enn maksimalgrensa for gebyrstipend, blir særstipendet utbetalt som tillegg til ordinær støtte.

Utdanning i land utanfor Norden som det kan gjevast gebyrstipend til etter kap. V, punkt 6.1 i forskriftene

Det blir gjeve gebyrstipend til følgjande utdanningar i 1988-89 når Lånekassa har godkjend utdanninga for støtte etter kap. V, punkt 2.1:

A
Utdanningar som gjev kompetanse tilsvarande følgjande fagområde ved norske universitet og vitskaplege høgskolar: (stipendet kan gjevast til og med Master Degree eller tilsvarande. Det blir ikkje gjeve til vidareutdanning ut over dette nivå.)

- arkitektur
- farmasi
- teknologiske fag
- bioteknologi
- datafag
- merkantile fag
- sosialøkonomi
- veterinærmedisin
- landbruksfag (inkl. miljøfag, økologi og næringsmiddelteknologi)
- skogbruksfag
- fiskerifag (inkl. akvakultur)

B
Vidareutdanning som varer inntil 2 år på nivå med høgre grad i Noreg (Master Degree e.l.), der det ikkje blir gjeve gebyrstipend til grunnutdanninga, innan følgjande fagretningar:

- leiing/administrasjon
- spesialstudium i juridiske fag
- samfunnsmedisin/helseadministrasjon

C

Utdanning som varer inntil 1 år og som Lånekassa godkjenner som ledd i ei påbegynt høgre utdanning i Noreg. Vedkommande norske lærestad må på førehand ha godkjend den utanlandske utdanninga som eit fullverdig alternativ til ein del av den norske utdanninga.

D

Utdanningar som gjev fullstendig yrkeskompetanse tilsvarande følgjande norske høgre utdanningar:

- sjukepleie
- vernepleie
- ergoterapi
- fysiokjemikarutdanning
- kosthaldsøkonomi/husøkonomi/ dietetikarutdanning
- interiørarkitektur
- kunstutdanning (teater, bildande kunst, dans, musikk og opera)
- kunsthandverk og design
- tekstil-/konfeksjonsutdanning
- fotoutdanning
- tolk- og translatørutdanning
- hotellfag og turisme
- journalistikk og mediefag
- bibliotekutdanning

E

Utdanningar som gjev fullstendig yrkeskompetanse og som ikkje finns ved norske lærestader:

- steinerpedagogikk
- kiropraktikk
- terapifag, eurytmi
- ingeniørfag,
  når tilsvarande tilbod ikkje finns ved norske ingeniørhøgskolar
- teologi,
  når utdanninga ikkje blir dekt av norske undervisningstilbod
- filmutdanning

Også andre høgre utdanningar som ikkje finns i Noreg, kan vurderast for tildeling av gebyrstipend når norske undervisningstilbod ikkje dekkjer desse utdanningane.

KAP. VI
FORRENTING OG TILBAKEBETALING AV LÅN I 1988

1 Rentevilkår

1.1
Lånet blir til kvar tid forrenta etter den rentesats som Kongen har fastsett. Pr. 01.01.88 er rentesatsen 11,5 %. Renta blir belasta på etterskot den siste i kvar månad.

1.2
På lån som er teke opp etter 01.07.85 rekner Lånekassa rentesrente. Renter som ikkje er betalte blir sett renteberande kvar 30. april. Låntakarar som har lån i Lånekassa frå før 01.07.85 blir ikkje omfatta av denne ordninga.

1.3
Når utdanninga blir gjennomført på normert tid blir det ikkje rekna renter før utdanninga er slutt. Sjå likevel punkt 2.1.

1.3.1
Er ein låntakar forseinka i utdanninga kan det gjevast rentefritak så lenge det kan gjevast støtte, jf. kap. I, punkt 11.1.

1.3.2
Blir utdanninga avbroten i eit halvt år eller meir - eller på ubestemt tid - blir det rekna renter av lånet for denne tida.

1.3.3
Ved mellombels avbrot i utdanninga pga. militærteneste (førstegongsteneste) eller sivilteneste, svangerskap eller sjukdom, blir det gjeve rentefritak etter reglane i punkt 5.1, 5.2 og 5.3.

1.4
Det blir gjeve rentefritak berre under praksis som er ein obligatorisk del av studieplanen og som det kan gjevast støtte til.

1.5
Søknad om rentefritak for forhold som er eldre enn 3 år, blir ikkje behandla.

2 Betalingsplan

2.1
Når utdanninga er avslutta, eller blir avbroten, blir det skrive ut betalingsplan. Lånekassa oppfattar utdanninga som avslutta dersom det ikkje blir søkt ny støtte eller på annan måte blir dokumentert at utdanninga held fram.

2.1.1
Har låntakaren fått betalingsplan for eit tidsrom som han har rett til støtte til etter kap. I, må det sendast inn søknad om betalingslette.

2.2
Betalingsplanen viser kva for dato lånet er sett renteberande, kor lang nedbetalingstid som er fastsett, og kor store terminbeløpa blir med gjeldande rentesats.

2.2.1
Terminbeløpet kan reduserast eller aukast dersom rentesatsen blir endra.

2.3
Det blir til vanleg fastsett eit lågt halvårleg terminbeløp for dei første seks terminane. I 1988 er dette terminbeløpet 5,25 % av gjelda ved endt utdanning. Lågterminen kan likevel ikkje vere mindre enn kr 2 440 for låntakarar som avsluttar utdanninga i 1988. Frå og med den sjuande terminen blir terminbeløpet auka slik at lånet blir betalt på den nedbetalingstid som er fastsett.

Lågaste fulltermin for låntakarar som avsluttar utdanninga i 1988 er kr 3 480.

2.3.1
For låntakarar under 23 år med lån under kr 30 000 blir minste lågtermin kr 1 590. Minste lågtermin blir auka til kr 2 440 frå og med det året låntakaren fyller 23 år.

2.3.2
I særlege tilfelle kan Lånekassa gjere unntak frå reglane for fastsetting av låg- og fulltermin.

2.3.3
Lånekassa reknar eit gebyr på kr 30 for varsling om forfall av terminbeløp. Gebyret kjem i tillegg til terminbeløpet.

2.4
Ved utskriving av betalingsplan er lengste nedbetalingstid 20 år frå den datoen lånet vert sett renteberande. Lån over kr 112 000 vil normalt gje 20 års nedbetalingstid for låntakarar som avsluttar utdanninga i 1988. Lånekassa kan i særlege tilfelle gje lenger nedbetalingstid enn 20 år.

2.4.1
Lånet skal vere betalt innan låntakaren fyller 65 år. For låntakarar over 45 år blir lengste nedbetalingstid mindre enn 20 år. Talet på lågterminar blir tilsvarande redusert.

2.5
Det blir rekna rente frå første månadsskiftet etter at utdanninga er avslutta eller avbroten. Første forfall blir til vanleg fastsett til 12-18 månader etter at utdanninga er avslutta/avbroten.

2.6
Terminforfall er 1. april og 1. oktober. Terminbeløpet skal betalast sjølv om låntakaren ikkje har fått varsel. Låntakaren pliktar straks å melde adresseendring til Lånekassa eller folkeregisteret. Låntakar som er busett i utlandet må melde adresseendring direkte til Lånekassa.

2.7
Låntakaren kan betale raskare enn det som er fastsett i betalingsplanen. Renter blir då rekna berre for den delen av lånet som står att.

2.8
Kongen kan fastsetje at tilbakebetalingstida og dermed terminbeløpet skal kunne endrast for låntakarar som har fått betalingsplan.

3 Forrenting og nedbetaling ved fortsatt utdanning/ny utdanning

3.1
Søkjar som har lån frå tidlegare utdanning som det er utskrive betalingsplan for, får rentefritak for tidlegare lån når det kan gjevast støtte innafor dei tidsrammene som er fastsett i kap. I. Sjå særleg punkta 10.3, 10.4 og 10.5. Det blir gjeve betalingsutsetting for tidlegare lån i same tidsrom. Låntakarar som held fram med utdanninga eller begynner i ny utdanning utan å søkje støtte, må sende inn søknad om betalingslette for kvart år den nye utdanninga varer. Sjå også punkt 6.3.1.

3.1.1
Dersom den nye utdanninga er deltidsutdanning som det kan gjevast støtte til, kan det gjevast rentefritak og betalingsutsetting for tidlegare lån når låntakaren har brutto månadsinntekt under kr 5 600. Ved høgre brutto månadsinntekt kan betalingslette gjevast berre når dette blir søkt om og godkjent med grunnlag i punkt 5 eller punkt 6.

3.2
Er det gjeve lån til den nye utdanninga, blir det laga ein samla betalingsplan for tidlegare lån og nytt lån. I den nye beta-

lingsplanen blir det teke omsyn til kor mange lågterminar låntakaren har hatt tidlegare, slik at at det til saman blir berre seks lågterminar. Sjå likevel punkt 2.4.1.

4 For sein betaling

4.1
Ein låntakar som ikkje betalar terminbeløpet ved forfall, får tilsendt 2. gongs varsel. For denne varslinga blir det rekna kr 150 i gebyr. Dersom låntakaren framleis ikkje betalar, blir heile lånet sagt opp. Samtidig blir det rekna 1 % høgre rente av heile lånet. Når lånet blir sagt opp blir det rekna kr 350 i gebyr.

4.2
Dersom låntakaren framleis ikkje betalar, vil gjelda bli innkrevd gjennom namsmannen. Kostnaden ved dette må låntakaren betale.

4.3
Ved misleghald av lånet har Lånekassa høve til å be namsmannen om å ta utlegg i løn.

4.4
Misleghald av betalingspliktene vil til vanleg føre til avslag på søknad om støtte til ny utdanning.

5 Rentefritak i betalingstida

5.1
Det blir gjeve rentefritak ved ordinær militærteneste (førstegongsteneste) eller sivilteneste når tenesta varer minst 3 månader og eventuell brutto månadsinntekt er kr 7 600 eller mindre. Grensa blir heva med kr 760 for kvart barn under 16 år. Det same gjeld elevar ved militære skolar.

5.2
Ved dokumentert arbeidsløyse eller sjukdom som varer i minst 3 månader, kan det gjevast fullt rentefritak når brutto månadsinntekt er kr 7 600 eller mindre. Grensa blir heva med kr 760 for kvart barn under 16 år.

5.3
Ved svangerskap, fødsel og omsorgspermisjon etter fødsel kan det gjevast rentefritak i inntil 12 månader til den av foreldra som har omsorg for barnet når brutto månadsinntekt til vedkommande er kr 7 600 eller mindre. Det same gjeld ved adopsjon av barn under 10 år. Grensa blir heva med kr 760 for kvart barn under 16 år.

5.4
Det kan gjevast rentefritak ved omsorgsarbeid som varer minst 3 månader. Som omsorgsarbeid kan godtakast omsorg for barn under 10 år eller omsorg for uføre eller eldre med stort pleiebehov. Det kan gjevast rentefritak når brutto månadsinntekt er kr 7 600 eller mindre. Grensa blir heva med kr 760 for kvart barn under 16 år. Sjå likevel punkt 5.6.

5.5
Det kan gjevast rentefritak når ein låntakar i fulltidsarbeid kan dokumentere at brutto månadsinntekt i 12 månader er kr 5 600 eller mindre. Grensa blir heva med kr 760 for kvart barn under 16 år. Sjå likevel punkt 5.6.

5.6
Rentefritak etter punkt 5.4 og punkt 5.5 blir vurdert i forhold til eventuell inntekt til ektemake eller sambuar. Inntekta må dokumenterast. Rentefritak kan gjevast berre til den ektemake/sambuar som på eiga hand har inntekt under grensene. Det er ein føresetnad at samla brutto månadsinntekt er under kr 15 200. Grensa blir heva med kr 1 520 for kvart

barn under 16 år. Om definisjon av sambuar, sjå kap. I, punkt 2.2.

5.7
Opphald i fengsel eller sikringsanstalt er ikkje grunnlag for rentefritak.

6 Betalingsutsetting

6.1
Blir det gjeve fullt eller delvis rentefritak etter reglane i punkt 5, blir det og gjeve betalingsutsetting.

6.1.1
Det kan gjevast betalingsutsetting ved dokumentert arbeidsløyse eller sjukdom som varer minst 3 månader når brutto månadsinntekt i 1988 er kr 9 800 eller mindre. Grensa blir heva med kr 760 for kvart barn under 16 år.

6.1.2
Einslege forsørgjarar med barn under 10 år kan få betalingsutsetting når brutto månadsinntekt er kr 10 560 eller mindre. Grensa blir heva med kr 760 for kvart barn meir enn eitt under 16 år.

6.1.3
Einslege låntakarar i fulltids arbeid kan få betalingsutsetting når dei dokumenterer at brutto månadsinntekt i 12 månader er kr 7 900 eller mindre.

6.1.4
Låntakarar med ektemake eller sambuar utan inntekt og med barn under 10 år kan få betalingsutsetting når brutto månadsinntekt er kr 10 560 eller mindre. Grensa blir heva med kr 760 for kvart barn meir enn eitt under 16 år.

6.1.5
Låntakarar i deltidsutdanning som det kan gjevast støtte til, kan få betalingsutsetting når brutto månadsinntekt er kr 7 900 eller mindre.

6.1.6
Utsetting etter punkta 6.1.1 - 6.1.5 kan gjevast i inntil 4 terminar utan oppjustering av terminbeløpet. Om betalingsutsetting blir gjeve ut over 4 terminar, skal terminbeløpet oppjusterast.

6.2
Låntakarar som får ein vanskeleg økonomisk situasjon som dei ikkje kunne sjå på førehand, kan søkje om betalingsutsetting. Slik søknad må sendast inn seinast ein månad etter terminforfall. Utsetting etter same årsak kan gjevast berre ein gong og for ein termin.

6.3
Låntakarar som er i fulltidsutdanning som Lånekassa ikkje gjev støtte til, kan få betalingsutsetting når brutto månadsinntekt er kr 9 800 eller mindre. Grensa blir heva med kr 760 for kvart barn under 16 år.

6.3.1
Låntakarar som held fram med utdanning, men som ikkje kan få meir støtte fordi dei ikkje fyller krava i kap. I, punkta 10.3, 10.4 eller 10.5, kan få betalingsutsetting i inntil to terminar når brutto månadsinntekt er kr 9 800 eller mindre.

6.4
Heil eller delvis betalingsutsetting etter punkta 6.2, 6.3 og 6.3.1 fører normalt til høgre terminbeløp seinare, slik at nedbetalingstida ikkje blir forlenga.

6.5
Det kan unntaksvis gjevast betalingsutsetting med ein termin slik at 2 terminbeløp må betalast ved neste forfall.

7 Ettergjeving av lån

7.1
Det er ikkje grunnlag for ettergjeving av gjeld om låntakaren har fylt 65 år,

eller har betalt i 20 år og det framleis står att gjeld.

7.2

Blir låntakaren minst 50 % uføre og får uførepensjon eller invalidepensjon, kan gjelda ettergjevast heilt når brutto månadsinntekt er under kr 7 600. For brutto månadsinntekt mellom kr 7 600 og kr 11 599 kan gjelda nedskrivast og terminbeløpa reduserast i særskilte høve. Nedskrivinga er avhengig av inntekta og storleiken på gjelda. Grensene blir heva med kr 760 for kvart barn under 16 år. Har ein låntakar vore arbeidsuføre i minst 6 år på grunn av sjukdom, kan dette også gje grunnlag for ettergjeving. Det må dokumenterast kor stor uførepensjonen og inntekta er, og fødselsattest for eventuelle barn under 16 år må sendast inn. Dersom helsetilstanden til låntakaren blir betre seinare, kan vedtaket om ettergjeving bli oppheva. Dersom låntakaren søkjer og får tildelt ny støtte etter kap. I, blir vedtaket om ettergjeving oppheva. Er vedtaket om ettergjeving gjort for meir enn 10 år sidan, blir det ikkje oppheva.

7.3

Dersom låntakaren døyr før lånet er betalt, blir restgjelda ettergjeven.

KAP. VII

Forskrift om delvis ettergjeving av utdanningslån for kandidatar som har fullført visse langvarige studium

Fastsett for 1988 av Kultur- og vitskapsdepartementet 30. desember 1987 i samsvar med lov 26. april 1985 nr. 21 om utdanningsstøtte til elever og studenter med endringar ved lov 18. desember 1987 nr. 103.

1. Krav til søkjaren

Søkjaren må
- ha utdanningslån i Lånekassa
- dokumentere at endeleg eksamen for utdanning som blir omfatta av ordninga, er bestått i haustsemesteret 1987 eller vårsemesteret 1988.

2. Følgjande grader/eksamenar, der normert samla studietid er 11 semester eller meir, høyrer inn under ordninga.

Universitetet i Oslo
Mag.art
Cand.theol.
Cand.phiol.
Cand.paed.
Cand.oecon.
Cand.psychol
Cand.sociol.
Cand.polit.
Cand.scient med pedagogisk seminar
Embedseksamen i sjukepleievitenskap

Menighetsfakultetet i Oslo
Cand.theol.
Kristendom hovudfag

Universitetet i Bergen
Mag. art.
Cand.philol.
Cand.psychol
Cand.polit.
Cand.scient. med pedagogisk seminar

Universitetet i Trodheim
Mag.art.
Cand.philol.
Cand.polit
Cand.socion.
Cand.scient. med pedagogisk seminar

Universitetet i Tromsø
Mag.art.
Cand.philol
Cand.polit
Cand.scient. med pedagogisk seminar

Barnevernsakademiet i Oslo
2-årig hovudfag i småbarns-pedagogikk

Noregs musikkhøgskole
Cand.musicae
Diplomeksamen

Telemark lærarhøgskole
2-årig hovudfag i forming

Statens yrkespedagogiske høgskole
2-årig hovudfag

Statens lærarhøgskole i handels- og kontorfag
2-årig hovudfag

Stabekk høgskole
2-årig hovudfag

Statens lærarhøgskole i forming i Oslo
2-årig hovudfag

Statens spesiallærarhøgskole
3. avdeling spesialpedagogikk eller
4. avdeling spesialpedagogikk

Misjonshøgskolen i Stavanger
Cand.theol.

Norsk lærarakademi
2-årig hovudfag i kristendom
2-årig hovudfag i pedagogikk

Noregs idrettshøgskole
Idrettskandidat

3. Tidspunkt for ettergjeving
Ettergjeving vil skje med verknad frå månadsskiftet etter at endeleg eksamen er bestått. Låntakaren vil få betalingsplan som tek omsyn til ettergjevinga.

4. Beløp som blir ettergjeve
Kr 25 000 av lånegjelda på ettergjevingspunktet blir ettergjeve. Er lånegjelda mindre enn kr 25 000, blir heile beløpet ettergjeve.

5. Søknad om ettergjeving
Søknad om ettergjeving av utdanningslån skal skrivast på særskilt blankett (blankett H) etter at eksamen er avlagt.
Dei som tek eksamen i haustsemesteret 1987, må sende søknad før 1. mars 1988.
Dei som tek eksamen i vårsemesteret 1988, må sende søknad før 1. august 1988.
Dei som tek eksamen i haustsemesteret 1988, må sende søknad før 1. mars 1989.

KAP. VIII

Forskrift om avskriving av utdanningslån for låntakarar som er busette i og utøver eit yrke i Finnmark eller i dei sju verkemiddelkommunanene i Troms

Fastsett for 1988 av Kultur- og vitskapsdepartementet 20. januar 1988 i samsvar med lov 26. april 1985 nr. 21 om utdanningsstøtte til elever og studenter, med endringar ved lov 18. desember 1987 nr. 103.

1.
Låntakarar som er busette i og som utøver eit yrke i Finnmark eller kommunane Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen og Karlsøy i Nord-Troms, kan etter søknad få lånet (ikkje rentene) avskrive med 10 %, men maksimum kr 15 000 pr. år, og minst kr 1 000 pr. år til lånet er nedbetalt.

2.
Det er ein føresetnad at låntakaren dokumenterer at vedkommande har vore busett og yrkesaktiv i regionen dei siste 12 månadene før avskrivinga kan skje. Busette i regionen som er tilsette på skip, oljeleitingsfartøy eller faste installasjonar på kontinentalsokkelen, kan etter nærmare reglar bli rekna som yrkesaktive i regionen.

3.
Som utøvar av eit yrke blir og rekna låntakar som anten har minst 50 % deltidsarbeid eller sesongarbeid i minst 6 månader og som står registrert som arbeidssøkjar til fulltidsarbeid.

4.
Som utøvar av eit yrke blir likeeins rekna låntakar som har omsorg for barn under 10 år eller særleg tyngjande omsorgsplikter i nærmaste familie.

5.
Avskrivinga blir gjort etterskotsvis på grunnlag av totalt lån etter avslutta utdanning (hovudstolen), med frådrag for eventuelle beløp som er ettergjevne etter andre ordningar (kap. VI, punkt 7.2 og kap. VII). Avdrag som er forfalt til betaling tidlegare, men som ikkje er betalt på avskrivingstidspunktet, kan ikkje avskrivast med mindre låntakaren har rett til betalingsutsetting for dette avdraget. Eventuelt for mykje betalt lån vil bli refundert. Alle påløpne renter skal betalast. Etter kvar avskriving blir det skrive ut ny betalingsplan.

6.
Første avskriving kan skje når låntakaren har budd i regionen 12 månader (eitt oppteningsår) i samanheng etter avslutta utdanning, og elles fyller vilkåra. Avdrag på lån som er betalt eller forfalt til betaling før første avskriving, blir ikkje avskrive/refundert.

7.
For dei som alt er busette i regionen, blir oppteningsåret rekna frå 1. januar 1988 eller frå den datoen dei begynner å arbeide etter dette tidspunktet. For dei som flyttar til regionen og tek arbeid der, blir oppteningsåret rekna frå første månadsskiftet etter at dei begynte å arbeide der. Dersom avskrivinga skal gjelde frå utløpet av oppteningsåret, må søknad vere Lånekassa i hende etter høgst 3 månader. Søknad som kjem inn seinare, kan gje avskriving frå og med det tidspunktet han kom inn. Låntakaren blir då belasta med renter også av avskrivingsbeløpet fram til søknadstidspunktet. Låntakaren mister retten til avskriving dersom søknaden kjem til Lånekassa meir enn 12 månader etter at oppteningsåret er omme.

8.
(Overgangsreglar)
Første avskriving skjer med verknad frå 1. januar 1989. Ingen kan tene rett til avskriving før 1. januar 1988.

Gruppering av utdanningar som går inn under vidaregåande utdanning og høgre utdanning

Vidaregåande utdanning	Høgre utdanning
Folkehøgskole	**Helse og sosialt arbeid**
Vidaregåande skole	Barnevernsutdanning
Alle studieretningar	Diakonutdanning
Lærlingar	Ergoterapihøgskole
Lærlingar med godkjend lærekontrakt	Fysiokjemikarhøgskole
Helse og sosialt arbeid	Fysioterapihøgskole
Audiografkurs	Høgskole for helsesøstre
Barne- og barselpleieskole	Høgre sjukepleiarutdanning
Fotterapeutskole	Høgskole for jordmødre
Hjelpepleiarskole	Laboratorieskole
Kosmetologskole	Mensendieckskole
Tannlegeassistentutdanning	Oftalmologassistentkurs
Legesekretærutdanning	Psykiatrisk sjukepleie
Hushald	Radiografskole
Husmorvikarskole	Sjukepleiarutdanning
	Sosialhøgskole
Industri, teknikk	Statens Reseptarhøgskole
Elementærteknisk skole	Tannpleiarskole
Formannskolen	Vernepleiarutdanning
Leiarskolen for treindustrien	**Hotellfag, storhushald**
Norges hermetikkfagskole	Norsk hotellhøgskole
Norges trelastskole	Husøkonomutdanning
Statens bergskole	Kosthaldøkonomutdanning
Statens kjølemaskinistskole	**Industri, teknikk**
Teknisk fagskole	Ingeniørhøgskole
Landbruk	NKI's 3-årige ingeniørutdanning
Fagskolar i landbruk	Statens høgskole i ortopediteknikk
Hagebruks- og gartnarskole	Statens næringsmiddeltekniske skole
Landbruksmaskinteknisk kurs	**Sjøfart, fiske**
Meieriskole	Maritim høgskole
Praktisk skogskole	Losutdanning
Skogskole	Fiskeriteknisk høgskoleutdanning
Statens reindriftsskole	**Handel, kontor**
	Dispasjørutdanning
	Handelsakademiet
	Høgre studium i marknadsføring

Vidaregåande utdanning	Høgre utdanning
Sjøfart, fiske Fiskerfagskole Kokkskole Kystskipperkurs Maskinistutdanning Navigatørutdanning Radioskole Skipselektrikarkurs Statens fagskole for fiskeindustrien Stuertskole	Revisorutdanning Translatørutdanning Økonomisk College Andre høgre merkantile skolar
Handel, kontor Fagkurs for studentar Grunnkurs og fagkurs i marknadsføring Kjøpmannsinstituttets butikkleiarskole Sekretærskole for studentar Sverre Wolff dekorasjon- og reklameskole: 2-årig Westerdahls reklameskole: 2-årig	**Offentleg forvaltning** Kommunal- og sosialhøgskole, kommunallinja
Presse, media Pressefotografutdanning Lydteknikerutdanning	**Bibliotek, presse, media** Norsk journalisthøgskole Statens bibliotekhøgskole NRK's programingeniørutdanning
Bibel- og misjonsskole Bibelskole, grunnleggjande kurs (1/2-årig og 1-årig kurs) Menighetsseminar 1. år Frelsesarmeens offiserskole	**Bibel- og misjonsskole** Bibelskole, høgre kurs Misjonsskole Teologisk seminar for utdanning av pastorar Menighetsseminaret i Oslo, 2. år
Lærarutdanning Statens trafikklærarskole	**Lærarutdanning** Musikkbarnehagelærarutdanning Pedagogisk høgskole (utdanning til førskolelærar, allmennlærar, faglærar og vidareutdanning for lærarar inkl. sommarkurs) Eurytmiutdanning
Musikk, kunst og kunsthandverk Asker kunstskole Kunstskolen i Rogaland Musikkfagskole Studentfagkurs i musikk Skolen for grafisk formgiving på Lille Ulefoss Strykjernet maleskole Plus-skolen	**Musikk, kunst og kunsthandverk** Balletthøgskole Kunstakademiet i Trondheim Norges musikkhøgskole Musikkkonservatorium, faglærar- og kandidatutdanning Statens kunstakademi Statens operahøgskole Vestlandets kunstakademi Kunst- og handverksskole Industridesignerutdanning Statens teaterhøgskole
	Høgskole, universitet Distriktshøgskole Menighetsfakultetet Norsk lærarakademi Universitetet Vitskapleg høgskole Bedriftsøkonomisk Institutt

Forskrift om adgang til innhenting av opplysninger direkte fra offentlige kontorer

Fastsatt av Kultur- og vitenskapsdepartementet 10. desember 1987 i henhold til §16 i lov 26. april 1985 nr. 21 om utdanningsstøtte til elever og studenter.

1 Hovedregel

1.1
De opplysninger Lånekassen trenger skal innhentes fra støttesøkeren/låntakeren.

1.2
Når forholdet krever det, kan det innhentes opplysninger direkte fra aktuelle læresteder/offentlige kontorer/registre etter denne forskrift.

2 Kontorer/registre/opplysninger som omfattes av forskriften

2.1
Lærestedene:
Opplysninger om studiestatus og student-/elevlister som viser om eksamen er bestått/ikke bestått.

2.2
Trygdekontorene, Rikstrygdeverket:
Trygde- og pensjonsregistre.

2.3
Ligningskontorene:
Inntekt, formuespesifikasjon, særfradrag.

2.4
Sosialkontorene:
Klientkartoteket.

2.5
Statistisk sentralbyrå:
Det sentrale personregisteret.

2.6
Arbeidsformidlingen:
Arbeidssøkerkartoteket.

3 Hvilke opplysninger Lånekassen kan innhente

3.1
Lånekassen må få opplysninger om studiestatus og student-/elevlister som viser om eksamen er bestått/ikke bestått når det er nødvendig for å behandle søknader om støtte.

3.2
Fra trygde- og pensjonsregisteret kan Lånekassen innhente opplysning om resultatet av søknad om trygd og om innhold i stønadsbrev for bruk ved tildeling av lån og stipend og ved vurdering av rentefritak/betalingsutsetting og ettergivelse av lån. Det kan ikke innhentes opplysninger om grunnlaget for stønad. Det kan heller ikke innhentes opplysninger om støtte til hjelpemidler e.l.

3.3
Fra ligningskontorene kan Lånekassen få oppgitt søkers/låntakers inntekt, med eventuelt særfradrag og spesifikasjon av formue og eventuell ektefelles inntekt for bruk ved vurdering av rentefritak/betalingsutsetting og ved innfordring av lån. Ved tildeling av støtte ønskes i tillegg opplysninger om foreldres inntekt og formue (søker som får behovsprøvd støtte).

3.4
Lånekassen kan innhente opplysninger fra sosialkontorene om en søker/låntaker mottar stønad og om denne stønaden ytes som lån. Opplysningene kan nyttes i tildelingssaker og på innbetalingssiden for å få misligholdere ut av

påkrav-/inkassoregisteret når det ut fra opplysningene er klart at låntakeren er ute av stand til å betale. I innbetalingssaker kan det også være behov for tilsvarende opplysninger om ektefelle for å se familiens økonomi under ett.

3.5
Det ønskes tilgang på fullstendige adresseopplysninger fra det sentrale personregisteret, også de skjermede adressene, for oppsporing av låntakere som misligholder sine forpliktelser.

3.6
Det kan innhentes opplysninger fra arbeidssøkerkartoteket om hvilke perioder låntakeren var arbeidsløs og om retten til dagpenger. Opplysningene kan nyttes ved vurdering av rentefritak og betalingsutsetting, dessuten ved tildeling av lån og stipend.

4 Innhenting og lagring av opplysninger

4.1
Opplysningene i forbindelse med enkeltsaker innhentes av den saksbehandler som har saken til behandling. Unntatt fra dette er opplysninger om skjermede adresser i det sentrale personregisteret. Bare to saksbehandlere gis adgang til dette. Eksamensresultater kan innhentes i form av student-/elevlister med opplysninger om eksamen er bestått/ikke bestått.

4.2
Opplysninger fra det sentrale personregisteret innhentes maskinelt, ellers innhentes opplysningene telefonisk eller ved skriftlig henvendelse til det aktuelle kontor.

4.3
Opplysningene lagres bare på søkerens/ låntakerens og eventuelt på ektefellens mappe.

5 Iverksettelse

5.1
Denne forskrift trer i kraft 1. januar 1988.
Punkt 2.1, 3.1 og 4.1 siste punktum trer i kraft fra og med støttetildelingen for undervisningsåret 1988-89.

Lov 26. april 1985 nr. 21 om utdanningsstøtte til elever og studenter med endringer ved lov 18. desember 1987 nr. 103

Kapittel I
Formål og omfang

§ 1

Utdanningsstøtteordningens formål er å
- bidra til å fjerne ulikhet og fremme likestilling slik at utdanning kan skje uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, økonomiske eller sosiale situasjon,
- bidra til at utdanningen skjer under tilfredsstillende arbeidsforhold, slik at studiearbeidet kan bli effektivt,
- bidra til å sikre samfunnet tilgang på utdannet arbeidskraft.

§ 2

Utdanningsstøtte kan etter søknad gis til elever og studenter ved offentlige videregående eller høyere utdanningsinstitusjoner. Det samme gjelder elever og studenter ved andre utdanningsinstitusjoner som etter vedtak av departementet i faglig henseende anses likeverdige med de offentlige utdanningsinstitusjonene.

Utdanningstøtte kan også gis til utdanning i utlandet.

Kapittel II
Utdanningsstøtte

§ 3

Utdanningsstøtte kan gis som stipend og lån. Ved tildeling av støtte skal det som regel tas hensyn til søkers og eventuell ektefelle eller samboers inntekt og formue.

Kongen fastsetter en øvre aldersgrense for behovsprøving mot forsørgers inntekt og formue.

Departementet fastsetter kostnadsnormen for støtte til livsopphold. Øvrige satser for utdanningsstøtte fastsettes i forskrift gitt av departementet og ellers av Statens lånekasse for utdanning, jf. § 10.

§ 4

Utdanningsstipend kan gis elever og studenter som er berettiget til utdanningsstøtte.

Stortinget fastsetter rammene og prinsippene for hvor stor del av støtten som skal gis som utdanningsstipend.

§ 5

Reisestipend kan gis til lengre reiser mellom hjem og skolested.

Gebyrstipend kan gis til hel eller delvis dekning av skolepenger ved utdanning i land utenfor Norden.

Det kan gis andre særlige stipend til spesielle utdanningsretninger.

Stortinget fastsetter satsene for særlige stipend.

§ 6

Utdanningsstøtte som ikke gis som stipend, etter bestemmelsene i § 4 og § 5, kan gis som lån.

§ 7

Det regnes renter og rentes rente av lånet når utdanningen er avsluttet eller normal utdanningstid er gått. Kongen fastsetter rentesatsen for lån.

§ 8

Statens lånekasse for utdanning, jf. § 10 fastsetter tilbakebetalingsplanen for

den enkelte låntaker. Lånene er til vanlig avdragsfrie de fire første årene, for deretter å nedbetales etter annuitetsprinsippet. Samlet tilbakebetalingstid regnet fra det tidspunkt lånet blir rentebærende (jf. § 7) skal som regel ikke være lengere enn 20 år. Lånekassen kan fravike bestemmelsene i annet punktum for låntakere som går inn under bestemmelsen i tredje ledd, tredje punktum.[1)] Kongen kan bestemme at tilbakebetalingstiden og terminbeløpene skal endres for lån som har fått fastsatt tilbakebetalingsplan.

Gjelden faller bort ved låntakers død. Lånekassen kan ettergi lån helt eller delvis når det finnes rimelig på grunn av uførhet eller langvarig sykdom. Departementet kan fastsette at Lånekassen kan ettergi lån helt eller delvis for låntakere som er bosatt i og utøver et yrke i Finnmark eller i visse deler av Troms. Likeledes kan departementet fastsette at Lånekassen kan ettergi lån helt eller delvis for låntakere som har avsluttet utdanningen og avlagt eksamen i enkelte lange studier.[1)]

Lånekassen kan gi utsettelse med betaling av renter og avdrag hvor videre utdanning, militærtjeneste, sykdom eller omsorgsforpliktelser har ført til vesentlig svikt i inntekt, eller hvor andre forhold har ført til at det vil virke urimelig å kreve betaling etter den fastsatte tilbakebetalingsplan. I særlige tilfelle kan det også gis avkall på renter.

[1)] I følge lovendring 18 desember 1987.

§ 9
Departementet gir forskrifter for tildeling av utdanningstøtte, tilbakebetaling av lån og særskilte gebyrer ved for sen innbetaling. Departementet kan stille faglige krav, begrense adgangen til å kombinere forskjellig utdanning, sette aldersgrenser og sette andre vilkår for utdanningsstøtte.

Statens lånekasse for utdanning gir nærmere regler om stipend og lån.

Kapittel III
Administrasjon

§ 10
Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) er sentralorgan for utdanningsstøtteordningen nevnt i §§ 3-9. Lånekassen har hovedkontor i Oslo. Det kan opprettes kontor på steder hvor det anses formålstjenlig.

§ 11
Lånekassen ledes av et styre på fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Styret oppnevnes av Kongen for inntil 3 år. Kongen fastsetter hvem som skal være leder og nestleder i styret. Styret er vedtaksført når minst tre medlemmer er til stede.
Lånekassen skal ha en direktør som tilsettes av Kongen. Direktøren leder Lånekassens daglige drift og deltar i styrets møter, men uten stemmerett.

§ 12
Departementet oppnevner en klagenemnd som er klageinstans etter forvaltningslovens kap. VI for enkeltvedtak om utdanningsstøtte. For tjenestemannssaker er departementet klageinstans.
Klagenemnda har tre medlemmer med personlige varamedlemmer som oppnevnes for inntil 3 år. Departementet fastsetter hvem som skal være leder og nestleder i Klagenemnda. Lånekassens administrasjon er sekretariat for Klagenemnda.

§ 13
Lånekassen skal ha et grunnfond bestående av midler bevilget av Stortinget. Fondet tilhører staten, men kan ikke tilbakeføres med mindre Lånekassen avvikles og dens forpliktelser er dekket. Av fondet betales renter til staten etter en rentesats fastsatt av Kongen.
Lånekassens støtteordninger etter §§ 3-7 finansieres ved grunnfondet, midler bevilget over det årlige statsbudsjett og innlån fra staten.
Til å dekke utgiftene ved ettergivelse av lån, jf. § 8, tredje ledd, og avskrivning for tap på fordringer gis det årlige bevilgninger.
Departementet sørger for revisjon av regnskapene, og fører tilsyn med Lånekassen. Styret sender hvert år innen utgangen av mars måned departementet rapport og regnskap for foregående år. Riksrevisjonen fører kontroll med departementets myndighetsutøvelse etter instruks fastsatt av Stortinget.

§ 14
Departementet kan gi nærmere forskrifter om organisasjonen og virksomheten til Lånekassen.

Kapittel IV
Forskjellige bestemmelser

§ 15
Norske undervisningsinstitusjoner med studenter eller elever som er berettiget til utdanningsstøtte, plikter å medvirke til gjennomføring av ordningene i samsvar med nærmere bestemmelser som blir gitt av departementet og Lånekassen.

§ 16
Lånekassen kan innhente opplysninger om den enkelte støttesøker direkte fra ligningskontorene og andre offentlige kontorer etter forskrifter gitt av departementet i samråd med Datatilsynet.

§ 17
Loven trer i kraft fra den dato Kongen bestemmer. Fra samme dato oppheves lov av 19. juni 1969 nr. 49 Om stønad til ungdom i vidaregåande utdanning.
For tildeling av utdanningsstøtte gjelder loven fra og med undervisningsåret 1985-86. Rentes rente regnes ikke for låntakere som har lån fra før 1. juli 1985. Departementet kan forøvrig fastsette nødvendige overgangsbestemmelser.

Klage på behandlingsresultatet

Enkeltvedtak kan påklagast til klagenemnda i Lånekassa etter reglane i kap. VI i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå den dagen meldinga om behandlingsresultatet kom fram. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagd innan fristen går ut.
Klaga skal sendast til Lånekassa. Ho må vere underskriven, og kundenummeret (løpenummeret) bør vere oppgjeve. Det må gå fram kva for vedtak søkjaren klagar på, og kva for endring han krev.
Lånekassa gjev nærmare rettleiing om klageretten og om framgangsmåten ved klaga. Det er ikkje høve til å klage på forskriftene, berre på bruken av dei.

Statens lånekasse for utdanning

Ope for publikum
Måndag-fredag kl 0930-1430
Laurdag stengt

Oslo: Postadresse: Postboks 195, Økern 0510 OSLO 5 Kontoradresse: Økernveien 145, 15. et. Telefon: (02) 64 52 52	**Tromsø:** Postadresse: Postboks 790 9001 TROMSØ Kontoradresse: Søndre Tollbug. 7, 4. et. Telefon: (083) 81 616
Bergen: Postadresse: Postboks 55, Universitetet, 5027 BERGEN Kontoradresse: Fr. Meltzers g. 34 Telefon: (05) 31 11 72	**Trondheim:** Postadresse: Postboks 4525 Kalvskinnet 7002 TRONDHEIM Kontoradresse: Erling Skakkes g. 40 (på Leüthenhaven) Telefon: (07) 51 10 11
Stavanger: Postadresse: Postboks 192 4001 STAVANGER Kontoradresse: Knud Holms g. 10 Telefon: (04) 53 45 33	**Ørsta:** Postadresse: Postboks 74 6151 ØRSTA Kontoradresse: Rådhuset, Dalevegen 6 Telefon: (070) 67 400

Andre brosjyrar frå Lånekassa

- STIPEND OG LÅN TIL UNGDOM UNDER 19 ÅR I VIDAREGÅANDE UTDANNING
- STIPEND OG LÅN TIL UTDANNING I LAND UTANFOR NORDEN
- FORRENTING OG TILBAKEBETALING AV UTDANNINGSLÅN
- NORMERT STUDIETID FOR UNIVERSITETSUTDANNING VED TILDELING AV STIPEND OG LÅN
- STIPEND OG LÅN TIL UTANLANDSK STATSBORGAR (Også gjeven ut på engelsk)

Alle brosjyrane får du ved skolen, eller frå Lånekassa.

VT-3510 Nynorsk 200000 2.88 Fabritius